



Valle Sparebank

Årsmelding og rekneskap 2015

150. forretningsår



ÅRSMELDING 2015

RAMMEVILKÅR FOR SPAREBANKANE

Norsk økonomi er påverka av det kraftige oljeprisfallet. Sidan sommaren 2014 har prisen på råolje falle med 70%. BNP-veksten er redusert, og ender truleg på om lag 1,5% i 2015, godt hjulpet av rause offentlege budsjett og ein ekspansiv pengepolitikk. Den langsiktige utfordringa norsk økonomi står ovanfor – omstillinga frå oljerikdom til vekst i nye og framtidsette næringer – er ein krevjande veg å leggje ut på.

Lønsveksten var om lag 2,7% i 2015. Veksten i økonomien var for svak til å hindre ein auke i arbeidsløysa, og talet på arbeidsledige og dei som er på arbeidsmarknadstiltak ligg på om lag 100 000 menneske ved utgangen av året.

Konsumprisindeksen steig i 2015 med 2,1%, medan kredittveksten var over 5 %, hovudsakleg på grunn av sterk gjeldsoppbygging i hushaldningane. Bustadprisane auka med 7,2 % det siste året, målt med prisindeksen som Eien-dom Norge utarbeider. Prisutviklinga varierer mykje mellom ulike delar av landet, og svakast er utviklinga i område der oljenæringa har ei dominerande rolle.

Noregs Bank har kutta styringsrenta med eit kvart prosentpoeng to gonger, og ved utgangen av året ligg denne på 0,75%. Kronekursen svekka seg i gjennomsnitt med 8 % frå desember 2014 til same månad i 2015, og det etter om lag den same utviklinga året før. I løpet av året steig verdiane av aksjane på Oslo Børs med 5,3 %.

Utsiktene framover er høgst usikre. Behovet for å halde fram omstillinga frå eit oljebasert næringsliv til andre konkurransekraftige næringer er stort. Eit nytt moment er strømmen av flyktningar frå krigsherja land i andre verdsdelar. I 2015 kom det om lag 30 000 flyktningar til Noreg, medan UDI forventar nærare det dobbelte i 2016

FORRETNINGS- OG MARKNADSTILHØVE FOR VALLE SPAREBANK

Valle Sparebank er ein frittstående og sjølvstendig sparebank i Valle kommune i Aust-Agder. Hovudkontoret ligg i Valle og banken har eit salskontor i Markensgate 2a i Kristiansand. Salskontoret i Kristiansand vart etablert i januar 2006. Filialen på Rysstad vart avvikla i april 2015, om lag 26 år etter etableringa. Endringa i kundane sin bruk av banken låg til grunn for avviklinga.

Valle Sparebank eig 0,47% av Eika-Gruppen AS, og er på den måten del av eit strategisk samarbeid mellom 75 små sparebankar i Noreg og OBOS. Eigarbankane, Eika-Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS utgjer Eika Alliansen. Eika Alliansen er ein av Noregs største finansgrupperingar, med ein samla forvaltningskapital på meir enn 300 milliardar kroner. Eika er totalleverandør av bankprodukt og –tenester. I tillegg har Eika ansvar for å utføre ei rekkje fellesoppgåver på vegne av eigarbankane. Det gjeld m.a. innkjøp av produkt og tenester innanfor IT og betalingsformidling, opplæring og kompetanseutvikling. Eika Boligkreditt AS har tilgang til den internasjonale marknaden for obligasjonar med føretrinsrett (OMF) og sikrar eigarbankane langsiktig og konkurransedyktig funding.

Valle Sparebank driv i hovudsak tradisjonell bankverkssem, m.a. betalingsformidling, sparing, lån og kredittar, men kan også tilby dei fleste finansielle produkt så som forsikring, aksjehandel, fondsprodukt og leasing.

Banken si primære kundegruppe er personkunder, og då særleg i Setesdal og Kristiansands-regionen. Sjølv om mange kunder bur utanfor Setesdal, er dette ofte kunder med ei eller anna knytning til Valle eller Setesdal. Innan Valle kommune har banken ein heilt dominerande marknadsposisjon, og innan Bykle kommune er også marknadsposisjonen sterk. I dag er i underkant av 30% av utlåna til kunder i Valle kommune.

I tillegg til personmarknaden representerer det lokale næringslivet, offentleg sektor og lag og organisasjonar i øvre Setesdal viktige kundegrupper for banken.

Folketalsutviklinga i marknadsområda til banken varierer mykje. Øvre Setesdal har dei siste åra slite med svak folketalsutvikling. I Valle var 1252 personar heimehøyrande pr. 3.kvartal 2015, mot 1244 på same tidspunktet i 2014. Kristiansands-regionen opplever derimot sterk folketilvekst. Samla folketal i det banken definerer som satsingsområde på personkundemarknaden er om lag 120 000.

Heilt arbeidsledige i Valle kommune utgjer 1,0 % av arbeidsstyrken. Tilsvarende tal i Bykle kommune er 0,9 %, og 3,9 % i Kristiansands-regionen. Nedbemanning i mange verksemder i oljerelatert næringsliv i Kristiansand gjer at arbeidsløysa på Sørlandet truleg vil auke noko framover.

I fyrste halvdel av 2015 vart det til liks med dei sju føregåande åra gjennomført ei omfattande marknadsundersøking blant banken sine kunder. Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kunder. Nettopp servicenivået og den personlege kontakta er område banken skårar høgt på i undersøkinga. Ei slik undersøking vert gjennomført kvart år. Resultata frå undersøkingane vert nytta til å utvikle banken vidare.

Drifta av banken er lagt opp til at ho skal vere kostnads-effektiv, fleksibel, kundeorientert og med stor grad av personleg service. Risikoprofilen skal vere låg til moderat. Samstundes bør innteninga vere tilstrekkeleg til å sikre at banken held på den finansielle styrken som har vorte bygd opp gjennom tidene.

Banken har ingen forskings- og/eller utviklingsaktivitetar.

BALANSE - UTVIKLING

Banken har i 2015 hatt ein auke i forvaltningskapitalen på 7,9 mill. kr. Dette er ein auke på 0,6 % i høve til året før. Forvaltningskapitalen er pr. 31.12.2015 på 1 373,8 mill. kr.

Utlånsveksten er på 43,8 mill. kr eller 3,8%, og samla utlån er på 1 195,0 mill. kr. I tillegg har banken formidla lån til Eika Boligkreditt på til saman 414,6 mill. kr. Samla utlånsvekst, inklusive veksten i Eika Boligkreditt, utgjer 4,4% i 2015.

Det har vore ein auke i innskota på 31,5 mill. kr, eller 3,0%, slik at samla innskot no er på 1 068,0 mill. kr. Dette gjev ei innskotsdekning på 89,3%, mot 90,0 året før. For å finansiere utlån utover innskotsnivået har banken teke opp lån i pengemarknaden.

DRIFTSRESULTAT – NØKKELTAL

Resultatet av ordinær drift etter skatt er på kr 7,8 mill. mot kr 10,9 mill. året før. Skattekostnaden etter rekneskapen er kr 3,0 mill.

Styret vil gjere framlegg om at resultatet vert disponert slik:

Kr 1,5 mill. vert overført gåvefond.
Kr 6,3 mill. vert overført sparebanken sitt fond.

Banken har etter dette eit fond på kr 186,7 mill. Eigenkapitalen er no 22,73 % av vektlagd balanse.

Kontantstraumsanalysen viser netto kontantstraum frå drifta på kr 8,3 mill. (kr 10,9 mill), netto kontantstraum frå løpande finansiell verksemd på kr -3,9 mill (kr 5,9 mill.), netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar kr 8,9 mill. (kr -15,1 mill.), og netto kontantstraum frå finansiering på kr -25,1 mill. (kr 20,0 mill.). Netto endringar i kontantar og kortsiktige plasseringar kr -20,9 mill. (kr 10,8 mill), slik at likviditetsbeholdninga ved utgangen av 2014 var på kr 36,1 mill. (kr 57,0 mill.)

Rentenettoen er omtrent uendra samanlikna med 2014. Volumveksten har kompensert for eit svakt marginfall. Banken har i løpet av året justert rentenivået fire gonger som konsekvens av fall i marknadsrentene og konkurranse-situasjonen generelt.

Provisjonsinntektene minka med 0,6 mill. kr, medan utbytte frå verdipapir i 2015 var på 1,8 mill. kr, mot 1,0 mill. kr året før.

Når ein samanliknar driftsresultatet i 2015 med 2014 er det verd å merke seg at aksjeposten i Nets vart seld i 2014. Rekneskapsført gevinst knytt til aksjesalet utgjorde 2,2 mill. kr.

Det er samla tapsført 2,2 mill. kr i rekneskapen, om lag det same som året før. Individuelle nedskrivningar utgjer totalt 1,8 mill. kr. I tillegg er det avsett 2,6 mill. kr på gruppevis nedskrivningar.

Utover dette har det ikkje vore hendingar i rekneskapsåret som har påverka resultatet særskild. Det har heller ikkje vore hendingar etter utgangen av rekneskapsåret som er viktige for banken.

Styret er nøgd med resultatet av drifta i 2015. Måloppnåinga i høve til strategiplanen er tilfredsstillande. Styret kan stadfeste at alle føresetnader for drift av banken i komande år er til stades. Det er ikkje knytt vesentlege usikre faktorar til årsrekneskapen.

RISIKOSTYRING OG KONTROLL

Generelt om risikostyring og kontroll i verksemda
Bankverksemda inneber risiko. Styret har vedteke prinsippa for banken si risikostyring i form av overordna policydokument og områdepolicies for ulike risikoområde. Styret legg vekt på å ha ei aktiv oppfølging av prinsippa, og reviderer desse årleg. For bankverksemda samla kan banken akseptere låg til moderat risiko, medan risikonivået kan variere mellom ulike risikoområde.

Styret gjennomfører minst to gonger årleg ein ICAAP-gjennomgang for å avdekke risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov i bankverksemda.

BDO AS, Mandal er vald revisor i banken sidan våren 2007.

Banken nyttar seg aktivt av Eika VIS sine tenester i arbeidet med policydokument og verktøy til bruk i risikostyringa.

Finanstilsynet gjennomførte 17. september 2015 ein varsla inspeksjon i banken som eit ledd i den ordinære tilsynsverksemda deira. Føremålet med inspeksjonen var å gå i gjennom risikostyring og kontroll, risikoprofil og -ekspo-

nering, med hovudvekt på kredittområdet. Finanstilsynet utarbeidde på grunnlag av inspeksjonen ein førebels rapport som styret i banken gjekk i gjennom og svara på. Den endelege rapporten frå Finanstilsynet kjem sannsynlegvis i løpet av fyrste kvartal 2016.

Dei viktigaste risikoområda er omtala her.

Kredittrisikoen

Kredittrisikoen, dvs. risikoen for at ein kunde ikkje kan oppfylle sine skyldnader rettidig, er den største risikoen i banken. Dersom heller ikkje verdien av den underliggjande pantetrygda er tilstrekkeleg til å dekke kravet ved misleghald og eventuell realisasjon av pantet, vil tap oppstå.

Styret vurderer det slik at banken, no som før, må kunne take noko større risiko innan kommunen enn utanfor. Styret vurderer likevel denne risikoen som moderat. Lån og garantiar er rimeleg godt sikra mot tap. Det vert lagt stor vekt på kunden sin økonomi og den trygda som vert stilt. Nedskrivningane på utlånsporteføljen har dei siste fem åra vore marginalt høgare enn snittet for norske bankar.

Det er få store engasjement, og omlag 86% av samla brutto utlån er lån til personkundar. Reknar ein med lån overført til Eika Boligkreditt AS er personkundedelen endå høgare; 90%. Dette gjer at kredittrisikoen er spreidd og lite konsentrert. Banken har avsett 1,8 mill. kr på individuelle, og 2,6 mill. kr på gruppevis nedskrivningar. Rekneskapsmessig tapskostnad i 2015 er om lag 2,2 mill. kr. Prognosar frå Noregs Bank tyder på at gjennomsnittleg tap på utlån og garantiar dei næraste 3 åra med noverande risikonivå vil ligge rundt 0,2% av samla utlån for norske bankar. Risikosamansetjinga av Valle Sparebank sin portefølje gjer at ein forventar at tapsnivået vil ligge rett i overkant av dette nivået.

Det har vorte nytta eit risikoklassifiseringssystem for å lette styret si risikoovervaking. Resultatet av risikoklassifiseringsarbeidet i banken syner at 72,4% av utlåna har låg risiko, 16,8% normal risiko og 10,6% høg risiko. Nytt risikoklassifiseringssystem utarbeidd i samarbeid med andre Eika-bankar vart innført i andre kvartal i 2015. Systemet byggjer på statistiske modellar som reknar ut sannsynet for misleghald. Tapsutsette engasjement og alle engasjement over ein viss storleik vert vurdert særskild. Alt dette er grunnlaget for nedskrivningane styret har gjort i løpet av året.

Banken har formidla bustadlån for i alt 414,6 mill. kr i Eika Boligkreditt AS. Dette er lån innanfor 60% av panteverdi og har såleis låg risiko. Om lag 29% av personkundelåna i banken er overførte til Eika Boligkreditt AS.

I 2015 har banken revidert kredittpolicyen og tilpassa denne til nytt risikoklassifiseringssystem. Finanstilsynet påpeika ein del forbettringsområde i samband med inspeksjonen i september, og styret har i svaret på den foreløpige rapporten frå tilsynet omtala korleis dette skal fylgjast opp. Mykje av oppfølginga er knytt til revisjon av styringsdokumenta på kredittområdet, og dette vert prioritert i fyrste del av 2016.

Likviditetsrisikoen

Likviditetsrisikoen er også eit vesentleg risikoområde i banken, og gjeld den risikoen som banken har for å ikkje ha tilstrekkelege likvidar ved forfall av skyldnader. Valle Sparebank skal ha ein låg likviditetsrisiko.

Balansen mellom innskots- og utlånsvolum avgjer beho-

vet for å låne inn frå pengemarknaden. Valle Sparebank har i løpet av 2015 hatt ei stabil innskotsdekning på rett i underkant av 90%, det vil seie innskot i prosent av utlån. Innlånsbehov utover kundeinnskota er dekkja opp med lån frå Kredittforeningen for Sparebanker.

Innskot og lånerettar i Noregs Bank, trekkrettar i DNB utgjer saman med obligasjonsporteføljen den vesentlege delen av likviditetsbufferen. Pr. 31.12.2015 utgjorde trekkrettane i DNB 60 mill. kr. Det var pantsett verdipapir i Noregs Bank med ein samla låneverdi på 61,3 mill. kr. Samla obligasjonsportefølje og likvide rentefond utgjer på same tid 89,6 mill. kr. Innskot i Noregs Bank utgjer 9,7 mill. kr.

LCR (liquidity coverage ratio) er 80 pr. 31.12.2015, det same som året før.

Den generelle likviditetsrisikoen har auka noko i løpet av året på grunn av uro i kredittmarknaden. Innlånskostnadene for bankane har auka vesentleg i 2015.

Styret har som tidlegare år revidert likviditetspolicyen, særleg med vekt på tilpassing til nye krav på likviditetsområdet.

Status på likviditetsområdet vert rapportert til styret kvartalsvis i høve til gjeldande krav og rammer i likviditetspolicyen. Likviditetsrisikoen har vore låg heile året, i tråd med bankens risikopolisy.

Eika Boligkreditt vert framleis vurdert som eit viktig verk-tøy som kan avlaste banken sitt eksterne fundingbehov og gjere banken konkurransedyktig i kampen om personkundelån. Det er klargjort ein utlånsporfølje som kan flyttast til Eika Boligkreditt for raskt å få tilgong til likviditet i ein krisesituasjon.

Strategisk risiko

Strategisk risiko er risikoen banken er utsett for som konsekvens av strategiske val. Måloppnåinga i høve til økonomiske måltal i strategiplanen har vore tilfredsstillande i 2015. Det er gjennomført ei marknadsundersøking som syner at Valle Sparebank har svært nøgde og lojale kundar. Satsinga i Kristiansand har medført tilvekst av nye kundar i ei tid med fallande folketal i Valle kommune.

For å sikre eige sjølvstende har banken vald å vere medeigar av Eika-Gruppen AS. Valle Sparebank sin eigardel utgjer 0,47% av selskapet. Eika-Gruppen AS syter for utføring av ein del fellesoppgåver og gjev banken tilgong til å selje ei rekkje finansielle produkt. I tillegg har eigarskapet gjeve avkastning i form av eit årleg utbytte. Eika-Gruppen AS er også eit viktig talerøyr for små sparebankar når det gjeld å påverke framtidige rammevilkår.

Risikoen for at ikkje banken har tilstrekkeleg og rett kompetanse for framtida er eit område styret har fokus på. Valle Sparebank har difor prioritert vidareutdanning i fleire år. Banken har ein kompetanseplan som skal reviderast årleg. Kompetanseplanen set mål for kompetansenivået i banken og inneheld prioriterte tiltak for å nå måla. Mellom anna er det sett krav om at alle kunderådgjevarane i banken skal vere autoriserte som finansielle rådgjevarar, og to nye kunderådgjevarar som har kome frå daglegbankavdelinga vart autoriserte som finansielle rådgjevarar i desember 2015. Med det har banken i alt 7 autoriserte finansielle rådgjevarar. Ikkje mange bankar kan syne til tilsvarande tal når ein tek omsyn til bankens storleik.

Styret gjennomførte i 2015 ein revisjon av strategiplanen. Utkast til ny strategiplan vert handsama i styret i februar 2016. Til strategiplanen vert det utarbeidd handlingsplan.

Styret fylgjer opp strategiplan og handlingsplan to gonger årleg.

Renterisikoen

Dersom rentereguleringsstidspunktet på innskot og utlån ikkje er tilnærma samanfallande, kan dette gjeve negative utslag på innteninga i banken. Denne risikoen er liten av di banken mest ikkje har innskot eller utlån til fast rente, og renta kan difor regulerast samtidig.

Lån som banken har teke opp i pengemarknaden har som regel ulik bindingstid. Låna vert regulert 3. kvar månad. Renterisikoen er difor også her liten. Banken har ingen handelsportefølje med obligasjonar. Pliktige likviditetsplaseringar i obligasjonar har korte rentereguleringsintervall slik at renterisikoen her er liten. Renterisikoen på obligasjonsmassen er no slik at dersom det vert ei renteendring på 1,0 % i marknadsrenta, vil dette slå ut i ei kursendring på kr 0,13 mill.

Aksjekurs og valutarisiko

Banken har i dag ingen portefølje av verdipapir for å utnytte svingingar i marknaden. Banken driv ingen handel med derivat eller valuta. Valle Sparebank er eigen valutabank ved kjøp og sal av valuta til kundar. Omsetjinga av valuta er lita, og risikoen for kurstap er dermed også låg.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er i hovudsak risikoen for tap knytt til den daglege drifta av banken. Svikt i datakommunikasjon, system og rutinar er døme på tapshendingar. Feil kan også oppstå på grunn av manglande kontrollar, kompetansesvikt, menneskeleg svikt og manglande oppfølging av lover og forskrifter.

Operasjonell risiko vert rapport kvartalsvis til styret.

Internkontrollen i banken er ein viktig reiskap til å kartlegge og forbetre dette risikoområdet. Styret har årleg gjennomgang av internkontrollen

Internkontroll

Banken har med utgangspunkt i forskrifter om internkontroll hatt gjennomgang av alle vesentlege risikoområde i banken. Internkontrollen vert stadfesta av ekstern revisor.

ORGANISASJON OG PERSONALE

I løpet av året har det vore enkelte personalendringar i banken. Ingebjørg Helle Haugen gjekk av med pensjon 31.juli 2015, etter 30 år i banken si teneste. Ingvill Nomeland gjekk ut i eitt års permisjon frå 1.august 2015.

Det er styret si oppfatning at arbeidsmiljøet i banken er godt. God intern informasjon og kommunikasjon vert vekt-lagd. Medarbeidersamtalar vert gjennomførte årleg. Valle Sparebank har teikna avtale om Inkluderande Arbeidsliv. Det totale sjukefråværet i rekneskapsåret utgjer totalt 1,7 % av total arbeidstid. Det har ikkje vore personskadar blant tilsette, eller materielle skadar i banken. Av 16 fast tilsette er berre 5 menn. Styret er for tida sett saman av 40% kvinner og 60% menn. Bortsett frå å prøve å få ei meir lik fordeling mellom kvinner og menn over tid, har det ikkje vore spesielle likestillingstema som har hatt, eller vil ha fokus framover.

Banken si forureining av det ytre miljø vil stort sett vere av indirekte karakter, så som kjøp og bruk av reiser, energi, papir og andre forbruksgjenstandar, og avfall og avfalls-handtering. Styret ser på dette som minimal forureining av det ytre miljø. Banken fører ikkje eige klimarekneskap, og

har heller inga miljøsertifisering.

Banken har ikkje pålegg frå offentlege styresmakter som ikkje er fylgde opp.

VALLE SPAREBANK, SAMFUNNSANSVAR OG LOKALSAMFUNNET

Valle Sparebank legg til grunn ei sosialt ansvarleg forretningsdrift. Omsynet til samfunnsansvaret er innarbeidd i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, antikvitvasking, helse, miljø og sikkerheit.

Valle Sparebank ynskjer å vere ein positiv aktør i utviklinga av lokalsamfunnet. Særleg i ei tid med store utfordringar i form av reduksjon i folketalet, og vanskar med å rekruttere kompetent personell til ledige stillingar i området, meiner styret det er viktig å stø små og store tiltak som kan vere med på å snu ein negativ trend.

Gjennom den årlege gåveutdelinga stør banken friviljug arbeid, lag og organisasjonar. I 2015 vart det delt ut i alt 623 000 kr, mot 471 000 kr året før.

Banken har teikna sponsoravtalar med Valle IL, Setesdal vidaregåande skule avd. Valle, Valle Radio, Brokke AS, Sylvknappen AS og Bykle IL på til saman 360 000 kr årleg. Avtalen med Bykle IL er ny og vart underteikna i juni 2015.

Valle Sparebank tok saman med Setesdal Spelemannslag og Valle kommune initiativet til å etablere eit fond for å stimulere etterspurnaden etter folkemusikkutøvarar. Fondet fungerer slik at tilskiparar som ynskjer å nytte lokale folkemusikkutøvarar kan søkje om delvis dekking av honoraret utøvarane skal ha. Frå og med 2010 vart ordninga utvida til å gjelde Bykle og Bygland.

Valle Sparebank har sekretariatsfunksjonen i Valle Næringslag. Laget har til føremål å fremje næringsutvikling i kommunen. Alle private næringsdrivande kan vere medlemmer, og oppslutninga om laget har vore god. Likeins er banken medlem i sentrumsforeininga i Valle.

I 2016 markerer banken 150-årsjubileum. Jubileumsåret skal feirast med mellom anna gåveutdeling, arrangement, jubileumbok og endåtil ein eigen film om levemåten i Valle gjennom dei 150 åra banken har eksistert.

FRAMTIDSUTSIKTER

Hovudutfordringa for banken vert å oppretthalde økonomisk soliditet samstundes som kundane er tilfredse og lojale. Med relativt høg risiko i finansmarknadane vert kravet til kvalitet på risikostyringa i banken strengare. Styret har i fleire år hatt fokus på å auke kvaliteten på risikostyringa i bankverksemda. God kvalitet på risikostyringa er avgjerande for å halde på ei stabil inntening, utan dei store svingingane frå år til år.

Styret vil leggje vekt på å ha ein jamn og moderat vekst, der målet ikkje vil vere ei maksimal, men heller ei forsvarleg og tilstrekkeleg avkastning på eigenkapitalen. Det årlege driftsresultat vil likevel i ei viss utstrekning vere avhengig av det framtidige rentenivået. Særleg fordi ei endring i rentenivået vil endre tilsvarande på den avkastninga banken får på den delen av eigenkapitalen som er plassert som utlån. Utfordringa for banken vil vere å oppretthalde rentenettoen i det lågrenteregimet me no er inne i og i ein konkurransesituasjon som er svært hard, og likeins utnytte det potensialet som kan liggje i å auke andre driftsinntekter. Andre driftsinntekter er særleg viktige no som den generelle kredittveksten har falle ein del og marginane er på veg ned. God kostnadskontroll er også avgjerande for å sikre tilstrekkeleg avkastning

Heilt sidan kundane fekk banktenester tilgjengeleg på nett på slutten av 90-talet, har digitaliseringa endra næringa vår mykje. Langt på veg dei fleste kundane føretrekkjer å utføre banktenestene der dei er, når dei måtte ynskje det. Medan det i mange år var dei manuelle betalingstenestene som vart erstatta av digitale løysingar, har ein dei siste åra opplevd at også rådgjevingstenestene i stor grad fylgjer i same spor. Denne utviklinga vil halde fram, og om få år vil truleg dei aller fleste av tenestene og produkta våre vere fullt ut digitaliserte. Det vil berre vere dei mest kompliserte rådgjevingssområda kundane vil ha eit reelt behov for direkte kontakt og hjelp. Det å tilpasse kompetansebehovet og ressursbruket i banken til denne utviklinga vil vere avgjerande for å lykkast som bank i ei digital framtid.

TAKK

Styret takkar alle medarbeidarane i banken for eit særst godt samarbeid og stor arbeidsinnsats i året som har gått. Styret takkar også alle tillitsvalde for godt samarbeid, og rettar takk til banken sine kundar og banksamband for tilliten og oppslutninga banken har hatt i året 2015.

Valle, 9. februar 2016



Jostein Rysstad
Styreleiar


Magnhild Bjørnara


Olav Mosdøl
Nestleiar


Frode Buen


Gro Haatveit


Vidar H. Homme
Adm. banksjef

Valle Sparebank i tida 1970 - 2015

(Mill. kr)	1970	1980	1990	2000	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Innskot	25	77	249	371	918	955	967	985	1036	1068
Utlån	13	45	196	416	999	1022	1059	1097	1151	1195
Eigne fond	0,9	7	35	87	152	158	162	173	183	187
Forvaltning	26	85	285	471	1222	1258	1246	1284	1366	1374

Desse styrer banken

Innskytarvalde forstandarar

Anna Stella Karlsdottir, Egil Åmlid, Einar Brokke, Tarald Helle, Inger Aamli, Ingunn Holen, Ånund Viki, Torhild Bjørgum Åkre

Kommunevalde forstandarar

Arild Aabø, Astrid Kyte, Bjørgulv N. Berg, Gjermund Flaten, Gyro Uppstad, Knut Hagen, Liv Bratlie Løyland, Torunn C. Nyberg

Valde av dei tilsette

Erling Sagneskar, Ingvill Nomeland

Styret

Jostein Rysstad - leiar
Olav Mosdøl - nestleiar
Frode Buen, Gro Haatveit, Magnhild Bjørnarå,

Kontrollnemnda

Wenche E. Gundersen - leiar, Inger Aamli, Bjørgulv T. Berg

Revisjon

BDO v/ Helge Vinterstø

Personalet

Vidar H. Homme - administrerende banksjef
Anette U. Viki - løn
Anne-Gunn Homme - økonomileiar
Björg Åkre - depotansvarleg
Kåre Rike - it- og driftsansvarleg
Ingebjørg Helle Haugen - daglegbank (pensjonist frå 31.07.2015)
Ingunn Åkre Uppstad - daglegbank
Karen Marie Rike Lund - daglegbank
Margit Homme - daglegbank
Torleiv Hovet - avdelingsleiar sal og rådgjeving, Kristiansand
Tor Arild Rysstad - sal og rådgjeving, Kristiansand
Gro Haatveit - sal og rådgjeving, Kristiansand
Erling Sagneskar - sal og rådgjeving, Valle
Helga Jonny Barstad - sal og rådgjeving, Valle
Kari Brottveit Rysstad - sal og rådgjeving, Valle
Ingvill Nomeland - sal og rådgjeving, Valle (permisjon til 01.09.2016)



Ingebjørg Helle Haugen, eller Bitte som ho vert kalla, gjekk av med pensjon 31. juli 2015, etter nøyaktig 30 år i banken si teneste. Tilsette i banken var samla til avskilsfest på Solvgarden den 19. september der Bitte vart heidra med gode ord og eit måleri

Resultatrekneskap

(i heile tusen)	Noter	2015		2014	
Renteinntekter og liknande inntekter					
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		379		958	
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar		44 691		50 934	
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande papir		1 607		2 133	
Andre renteinntekter og liknande inntekter		0	46 677	0	54 025
Rentekostnader og liknande kostnader					
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar		-3 211		-3 944	
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar		-15 099		-21 573	
Renter og liknande kostnader på utferdar verdipapir		0		-226	
Andre rentekostnader og liknande kostnader		-725	-19 035	-708	-26 451
NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINTEKTER	15		27 642		27 574
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning		1 762	1 762	995	995
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester					
Garantiprovisjon		183		162	
Andre gebyr og provisjonsinntekter	24	8 318	8 501	8 931	9 093
Provisjonskostnader og kostnader med banktenester					
Andre gebyr og provisjonskostnader		-1 513	-1 513	-1 538	-1 538
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar					
Netto verdiendring og vinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir			-697	92	
Netto verdiendring og vinst/tap på aksjar og verdip. m.var.avkastn.		145		442	
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat		92	-460	94	628
Andre driftsinntekter					
Driftsinntekter faste eigedomar	25	304		319	
Andre driftsinntekter		0	304	96	415
Løn og generelle administrasjonskostnader					
Løn	26,28a	-8 347		-9 000	
Pensjonar	27	-642		-1 026	
Sosiale kostnader		-1 330		-1 441	
Administrasjonskostnader		-6 800	-17 119	-5 966	-17 433
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar					
Ordinære avskrivningar	11	-537	-537	-427	-427
Andre driftskostnader					
Driftskostnader faste eigedomar		-1 333		-851	
Andre driftskostnader	29	-4 266	-5 599	-3 812	-4 663
DRIFTSKOSTNADER			-23 255		-22 523
DRIFTSRESULTAT FØR TAP			12 981		14 644
Tap på utlån, garantiar m.v.					
Tap på utlån	6	-2 161		-2 244	
Tap på garantiar m.v.		0	-2 161	0	-2 244
Nedskrivning/reversering av nedskrivning og vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar					
Vinst/tap		32	32	2 239	2 239
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT FØR SKATT			10 852		14 639
Skatt på ordinært resultat	30		-3 030		-3 692
RESULTAT AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT			7 822		10 947
Resultat for rekneskapsåret			7 822		10 947
Overføringar og disponeringar	18				
Overført til sparebankens fond		6 322		8 447	
Overført til gåvefond		1 500	7 822	2 500	10 947

Balanse

(i heile tusen)	Noter	31.12.2015		31.12.2014	
EIGEDLAR					
Kontantar og fordringar på sentralbankar					
Kontantar og fordringar på sentralbankar		13 178	13 178	16 441	16 441
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar					
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid	4,9	16 833		34 490	
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar med avtalt løpetid		6 050	22 883	6 050	40 540
Utlån til og fordringar på kundar					
Kasse-/drifts- og brukskredittar	3,4,6,28 b	12 799		11 063	
Byggjelån		0		0	
Nedbetalingslån		1 182 209		1 140 168	
Sum brutto utlån og fordringar på kundar		1 195 008		1 151 231	
- individuelle nedskrivningar		-1 825		-2 249	
- gruppevise nedskrivningar		-2 600		-2 600	
Sum netto utlån og fordringar på kundar			1 190 583		1 146 382
Overtekne eigedelar					
	7	7 150	7 150	7 150	7 150
Sertifikat/obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning					
Utferda av det offentlege:					
Sertifikat og obligasjonar	4,8	14 970		18 955	
Utferda av andre:					
Sertifikat og obligasjonar		62 380	77 350	70 036	88 991
Aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning					
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	4,10	43 169	43 169	41 203	41 203
Immaterielle eigedelar					
Utsett skattefordel	30	0	0	0	0
Varige driftsmidlar					
Maskiner, inventar og transportmidlar	11	1 441		767	
Bygningar og andre faste eigedomar		13 659	15 100	13 942	14 709
Andre eigedelar					
Andre eigedelar	12	566	566	489	489
Forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter					
Opptente, ikkje mottekne inntekter					
Overfinansiering av pensjonsskyldnader	27	1 963		3 165	
Andre forskotsbetalte ikkje påkomne kostnader		77		4 994	
		1 798	3 838	1 819	9 978
SUM EIGEDLAR		1 373 817		1 365 883	

Balanse

(i heile tusen)	Noter	31.12.2015	31.12.014
GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar	4,15		
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid		1	1
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid		110 405 110 406	135 483 135 484
Innskot frå og gjeld til kundar	4,15		
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		562 593	509 396
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		505 417 1 068 010	527 085 1 036 481
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	4,15		
Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak		0	0
Ihendehavarobligasjonslån		0 0	0 0
Anna gjeld	15		
Anna gjeld		6 878 6 878	5 387 5 387
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter			
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter		1 756 1 756	2 726 2 726
Avsetjing for påkomne kostnader og skyldnader	27, 30		
Pensjonskyldnader		0	1 413
Utsett skatt		111 111	1 202 2 615
SUM GJELD		1 187 161	1 182 693
EIGENKAPITAL			
Opptent eigenkapital	18,19		
Sparebankens fond		178 912	175 815
Gåvefond		7 744 186 656	7 375 183 190
SUM EIGENKAPITAL		186 656	183 190
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		1 373 817	1 365 883
Postar utanom balansen	20		
Garantiansvar		48 459	67 371
Andre skyldnader		62 341	48 774
Obligasjonar stilte som trygd		46 443	63 838

Valle, 31.12.2015 / 09.02.2016

I styret for Valle Sparebank



Jostein Rysstad
Styreleiar


Frode Buen
Frode Buen


Olav Mosdøl
Nestleiar


Magnhild Bjørnå
Magnhild Bjørnå


Gro Haatveit
Gro Haatveit


Vidar H. Homme
Adm. banksjef

Noter til rekneskapen 2015

Note 1 - Generell info - rettvissende bilete

Bankens årsrekneskap er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for banker samt god rekneskapskikk, og gjjev eit rettvissende bilete av bankens resultat og stilling. Under enkelte noter er det teke med ytterlegare forklaring og det er synt til til postar i resultatrekneskap og balanse. Alle beløp i resultatrekneskap, balanse og noter er i heile tusen kroner dersom ikkje anna er oppgjeve. Frå 01.01.2015 har vi endra rekneskapsprinsipp til IAS19 for utrekning av pensjonsskyldnader. IAS19 tillèt ikkje "korridometoden" brukt for rekneskapsføring av aktuarielle gevinstar og tap. Aktuarielle gevinstar og tap skal no rekneskapsførast direkte mot eigenkapitalen i den perioden dei oppstår. Endring i rekneskapsprinsipp har medført ein reduksjon i eigenkapitalen på kr 4.150.816. I følge NRS 5 Spesifikasjon av særlige poster, korrigering av feil og virkning av prinsippendring og estimatendring pkt 5 har banken ikkje omarbeidd samaliknbare tal då dette ikkje er vesentleg i forhold til, og forståelsen av, bankens innteningsevne. Banken har omarbeidd inngåande balanse slik at prinsippendringa kan utreknast. Dette kjem fram i note 18, 27 og 30.

Note 2 - Rekneskapsprinsipp

Bruk av estimat

Leinga har nytta estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetjinga av eigedelar og gjeld, samt usikre eigedelar og forpliktingar på balansedagen under utarbeidinga av rekneskapen i tråd med god rekneskapskikk.

Periodisering av renter, provisjonar og gebyr

Renter, provisjonar og gebyr vert ført i resultatrekneskapen etter kvart som desse vert opptente som inntekter eller påløper som kostnader. Utrekningar syner at etableringsgebyra ikkje overstig kostnadene som oppstår ved etablering av det enkelte utlån. Dei vert difor ikkje periodiserte over lånets løpetid.

Inntektsføring/kostnadsføring

Forsøtsbetalte inntekter ved slutten av året vert periodiserte og førte som gjeld i balansen. Opptente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året vert inntektsførte og førte som eigedel i balansen. På engasjement der det vert gjort nedskrivningar for tap, vert renteinntekter resultatført ved bruk av effektiv rentemetode. Aksjeutbytte vert inntektsført i det året utbyttet vert utbetalt. Realisert kursgevinst/-tap vert resultatført ifylgje FIFU-prinsippet. Det vil seie at den enkelte handel for vedkomande verdipapir vert reskontrofert og resultatført separat. Kjøp og sal av verdipapir vert bokført på oppgjerstidspunktet.

UTLÅN – OMTALE OG DEFINISJONAR

Vurdering av utlån

Bankens utlån er vurdert til verkeleg verdi på utbetalingstidspunktet. I etterfølgjande periodar vert utlån vurdert til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Amortisert kost er anskaffelseskost med frådrag for betalt avdrag på hovudstol samt eventuelle nedskrivningar for verdifall. Gebyr ved etablering av lån overstig ikkje kostnadene og vert inntektsført løpande. Utlån vurdert til amortisert kost vil difor vere tilnærma lik pålydande av låna.

Bustadlån overført til og formidla til Eika Boligkreditt AS (EBK) er ikkje balanseført. Den vesentlege risikoen er vurdert å vere overført til EBK, også for overførte lån som tidlegare har vore på bankens balanse, og er difor frårekna.

Handsaming av engasjement som ikkje er misleghaldne

Banken gjennomfører ei kvartalsvis vurdering av utlåns- og garantiporteføljen for både nærings- og personkundar. Engasjement over 2 mill. kr og risikoklasse D og E vert vurderte særskild. For engasjementa er det verdien av trygda banken har, betalingsevna til låntakar etc. som vert vurdert. Dersom gjennomgangen syner at tap kan påreknast, vert tapet bokført i rekneskapen som individuell nedskrivning.

Handsaming av misleghaldne engasjement

Eit lån er å rekne som misleghaldne når låntakar ikkje har betalt forfalte terminar innan 90 dagar etter terminforfall, eller når rammekredittar ikkje er innekkka innan 90 dagar.

Ved misleghald vert kundens samla engasjement vurdert. Låntakar si tilbakebetalingsevne og sikkerheit avgjer om eit tap må påreknast. Sikkerheiten vert vurdert til estimert realisasjonsverdi, med frådrag for skadestnader. Dersom det ligg føre objektive bevis på verdifall på bankens fordringar, vert dette ført som individuelle nedskrivningar.

Handsaming av konstaterte tap

Ved misleghald over 90 dagar, konkurs, avvikling eller akkord, vert engasjementet vurdert med omsyn til sikkerheit og betalingsevne for å få oversikt over risikoen banken har for tap. Ved objektive bevis på verdifall på engasjementet, vert engasjementet normalt først handsma som individuell nedskrivning. Engasjementet vert rekna som endeleg tap når konkurs eller akkord er stadfesta, tvangspann ikkje har ført fram eller som fylgje av rettskraftig dom eller inngått avtale. Utrekna verdifall på engasjementet vert då ført som konstatert tap, eventuelle individuelle nedskrivningar vert ført til inntekt. Endeleg konstaterte tap vert fjerna fra bankens låneportefølje og frå individuelle nedskrivningar månaden etter at alle sikkerheit er realiserte og det er konstatert at kunden ikkje er søkjegod.

Reversering av tidlegare tapsavsette engasjement

Reversering av tidlegare tapsavsette engasjement skal skje i den uttrekning tapet er redusert og objektivet kan knyttast til ei hending som har skjedd etter nedskrivningstidspunktet.

Handsaming av nedskrivningar på grupper av utlån

Nedskrivning på grupper av utlån vil seie nedskrivning utan at det enkelte tapsengasjement er identifisert. Nedskrivninga er basert på objektive bevis for verdifall i bankens låneportefølje ut frå bankens vurdering av risiko for manglende betalingsevne basert på ein analyse av risiko og historiske tapstal, og med grunnlag i bankens risikoklassifiseringssystem. Andre forhold kan vere verdifall på fast eiendom ved høgare marknadsrenter, svikt i betjeningssevne ved markert renteoppgang eller nedbemanning på store arbeidsplassar.

Handsaming av av individuelle nedskrivningar på utlån

Vurdering av om det ligg føre objektive bevis for verdifall skal gjerast enkeltvis av alle utlån som er å rekne som vesentlege. Utlån som er vurdert individuelt for nedskrivning og der nedskrivning er gjennomført, skal ikkje takast med i gruppevurderinga av utlån. Banken fordeler utlåna på PM – lån til personmarknaden og BM – lån til bedriftsmarknaden.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Finansielle derivat

Banken kan nytte seg av finansielle derivat for å kunne sikre eksponering mot renterisiko som oppstår gjennom banken si verksemd. Det er ingen uteståande derivatavtal pr 31.12.2015.

VERDIPAPIR

Verdipapirporteføljen vert spesifisert og verdvurdert ved utløpet av kvar rekneskapsperiode (månadleg). Omløpsporteføljen og anleggspapirporteføljen vert verdvurdert etter ulike reglar og kvar for seg. Sjå note 8 og 10.

Obligasjonar og sertifikat

Banken har obligasjonar definert som andre omløpsmidlar. Andre omløpsmidlar er vurdert til den lågaste verdien av kjøpskostnad og verkeleg verdi. Obligasjonsporteføljen er sett saman i tråd med til krav til avkastning og risiko og er ein del av bankens likviditetsbuffer. Forvaltninga av obligasjonsporteføljen er sett ut til ein profesjonell aktør, og forvaltaren står også for verdifastsetjinga av verkeleg verdi for dei enkelte obligasjonane og sertifikat. Det vert lagt til grunn prisar notert i marknaden. Når noterte prisar ikkje forelegg vert verkeleg verdi utreka i spread-matrise utarbeidd av Verdipapirfondenes forening.

Aksjar og eigenkapitalbevis

Aksjar og eigenkapitalbevis er klassifisert som omløps- eller anleggsmidlar. Omløpsmidlar og anleggsmidlar vert vurderte til den lågaste verdien av kjøpskostnad og verkeleg verdi. Grunnlag for verkeleg verdi for børsnoterte aksjar som er omløpsmidlar, er børskurs på måletidspunktet. Grunnlag for verkeleg verdi for ikkje børsnoterte aksjar som er omløpsmidlar eller anleggsmidlar, er kjøpskostnaden. Dersom verkeleg verdi av aksjane klassifisert som anleggsmidlar fell under kjøpskostnaden, og verdifallet er vurdert å ikkje vere av forbigaende karakter, vert aksjane nedskrivne. Nedskrivninga vert reversert i den uttrekning grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

VARIGE DRIFTSMIDLAR OG IMMATERIELLE EIGEDELAR

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert i bankens vurdert til kjøpskostnad, fråtrekt ordinære driftsøkonomiske avskrivningar og eventuelle nedskrivningar. Nedskrivningar vert gjort i den uttrekning gjennvinnbart beløp er lågare enn balanseført verdi. Det vert nedskrive til gjennvinnbart beløp. Sistnemnde er høgaste av salsverdi og bruksverdi. Ordinære avskrivningar vert utreka på grunnlag av eigedelens fornta økonomiske levetid og eventuelle restverdi.

Immaterielle eigedelar

Inkluderer utsett skattefordel.

PENSJONSSKYLDNADER OG PENSJONSKOSTNADER

01.01.2015 gjekk banken over til å føre pensjonskostnader etter IAS 19R. Ytingsordningane vert aktuaretrekna og kostnadsførte årleg under "løn og generelle administrasjonskostnader". Innskotsordningar vert kostnadsførte med årspremien under same posten. Aktuaretrekna pensjonsskyldnad, dvs. differansen mellom utrekna påkomne skyldnad og verdien av pensjonsmidlane, vert ført i balansen anten som langsiktig gjeld (viss negativ), eller som anleggsmiddel (viss positiv). Føresetnadene som vert lagde til grunn for utrekning av pensjonsskyldnader vert revurderte årleg. Rekneskapsmessig handsaming av ny AFP-ordning (yttingsbasert fleireforetaksordning) vil, grunna manglande informasjon og pålitelegheit i utrekningane, likestilast med innskotsordning og kostnadsførast med årets premiebetalning inntil avklaring omkring utrekningane ligg føre.

SKATT

Skattar vert kostnadsførte når dei påløper og er knytt til det rekneskapsmessige resultatet for skatt. I tillegg ingår 0,3% formueskatt i skattekostnaden. Netto utsett skatt er utreka med 25 % på grunnlag av midlertidige skilnader som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige skilnader, som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna og nettoført. Årets skattekostnad omfattar betalbar skatt for inntektsåret og endringar i utsett skatt og utsett skattefordel. Eventuelle endringar i utsett skatt og utsett skattefordel vert synt som årets skattekostnad i resultatrekneskapen saman med betalbar skatt for inntektsåret. Utsett skatt vert utreka på bakgrunn av skilnader mellom rapporterte skattemessige og rekneskapsmessige resultat som vil utliknast i framtida.

OMREKNINGSREGLAR FOR VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen pr 31.12.

LANGSIKTIG GJELD

Obligasjonsgjeld vert oppført til nominelt beløp med justering av over- eller underkurs. Over-/underkursen vert inntekts- eller kostnadsført lineært som ei justering til løpande renter over lånets løpetid. Porteføljen av egne obligasjonar kjem til frådrag på obligasjonsgjelda og vert presentert på eiga linje.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumar fra operasjonell drift av banken er definert som løpande renter fra utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, netto inn- og utbetalinger fra utlåns- og innskotsverksemda, samt utbetalinger generert frå kostnader knytt til bankens ordinære verksemd. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapiransaksjonar. I tillegg vert kontantstraumar knytt til investeringar i driftsmidlar og eigedomar tekne med. Finansieringsaktivitetar (funding) inneheld kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av obligasjonsgjeld og marknadsinnlån.

Note 3 - Datterselskap og tilknytte selskap

Banken har ikkje datterselskap eller tilknytte selskap som inneber krav om konsernrekneskap.

Note 4 - Finansiell risiko

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje kan innfri betalingskyldnadene sine ved forfall. Innskotskundane i banken kan i praksis på kort varsel disponere innskotskapitalen sin. Derimot vil lånekundene ynske langsiktig finansiering og kredittammer. På denne måten vert banken eksponert for likviditetsrisiko.

Banken har interne måttal for likviditet, og måloppnåing vert kvartalsvis rapportert til styret. Banken har sett ei minimumsgrense på 85 % innskotsdekning. Innskotsdekninga utgjør 89,43 % pr. 31.12.2015 mot 90,03 % året før.

For å fylle dette likviditetsgapet finansierer banken seg også gjennom langsiktige innlån fra penge- og kapitalmarknaden. Forfallstrukturen går fram av note 15 om gjeld. Kommitterte trekktettar i DNB, kr 60 mill, er på kort sikt sentral i denne sammenheng, sjlv om rammene i liten grad har vore nytta gjennom 2015. Likviditetssituasjonen vert vurdert som god.

Inskot frå kundar som ikkje har oppseiing er rapportert i kolonna utan løpetid. Dette er i tråd med Finanstilsynet si forskrift for slik rapportering

Restløpetid for hovedpostar i balansen

Post i balansen	Sum	Inntil 1 mnd	1mnd - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1-5 år	Over 5 år	Utan restløpetid
Eigedelar:							
Kontantar og fordringar på sentralbanken	13 177	13 177					
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	22 883	16 833			4 050	2 000	
Utlån til og fordring på kundar	1 190 583		12 462	41 516	246 489	894 541	-4 425
Obligasjonar og sertifikat	77 349		4 999	19 997	52 353		
Andre eigedelspostar	69 825						69 825
Sum eigedelspostar	1 373 817	30 010	17 461	61 513	302 892	896 541	65 400
- av dette utanlandsk valuta	0						
Gjeld:							
Gjeld til kredittinstitusjonar	110 406	406		25 000	85 000		
Innskot og gjeld til kundar	1 068 010		505 417				562 593
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0						
Anna gjeld	8 745	4 664	3 030	1 051			
Eigenkapital	186 656						186 656
Sum gjeld og eigenkapital	1 373 817	5 070	508 447	26 051	85 000	0	749 249
- av dette utanlandsk valuta	0	0					
Netto likv. eksponering på balansen	0	24 940	-490 986	35 462	217 892	896 541	-683 849
- av dette utanlandsk valuta	0	0	0	0	0	0	0

Kreditrisiko

Kreditrisiko er risikoen for at banken vert påført tap på grunn av at motparten ikkje er i stand til å innfri skyldnadene sine ved forfall. Sjå note 6 for informasjon om kreditrisiko i utlånsengasjement.

Kreditrisiko representerer det største risikoområdet for banken, og vedkjem alle fordringar på kundar som i hovudsak er utlån. Også andre utferda kredittar, garantiar, renteberande verdipapir, innvilga ikkje opptrekte kredittar har i seg kreditrisiko. Det same gjeld motpartisiko som oppstår gjennom derivat og valutakontrakter.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår som følgje av opne posisjonar i rente-, valuta eller eigenkapitalinstrument, og er nedanfor nærare omtala under renterisiko, valutarisiko samt prisrisiko. Risikoen er knytt til resultatsvingingar som følgje av endringar i marknadsprisar og kursar.

Renterisiko

Renterisiko oppstår som ei følgje av at utlåns- og innlånsverksemda til banken ikkje har samanfallande rentebinding. Dette inneber at når marknadsrenta endrar seg, kan banken fyrst gjennomføre ei renteendring på dei ulike balansepostane med utgangspunkt i regelverk og avtalar. Ei endring av marknadsrentene vil difor medføre ein auke eller reduksjon av netto renteinntekter i resultatrekneskapan.

Banken har ei låg fastrenteeksponering. Fastrentelån utgjer kr 4,3 mill pr. 31.12.2015. Fastrenteinnskott utgjer ved utgangen av året kr 0 mill. Netto renterisiko knytt til utlåns- og innlånsverksemda vert vurdert som låg.

Obligasjonsporteføljen har ein gjennomsnittleg durasjon på 0,15. Dette gjev ein rentesensitivitet ved 1 % renteendring på kr. 116.100 ved utgangen av året.

Bankens samla renterisiko vert vurdert som låg.

Tid fram til renteregulering for eigedelane og skyldnadene til banken framgår av tabellen nedanfor.

Renteendringstidspunkt for hovedpostar i balansen.

Post i balansen	Sum	Inntil 1 mnd	1mnd - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1-5 år	Over 5 år	Utan rente ekspon.
Eigedelar:							
Kontantar og fordringar på sentralbanken	13 177	9 714					3 463
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	22 883	16 833		2 000			4 050
Utlån til og fordring på kundar	1 190 583		1 191 180		948	2 880	-4 425
Obligasjonar og sertifikat	77 350	12 982	64 368				
Andre eigedelspostar	69 824						69 824
Sum eigedelspostar	1 373 817	39 529	1 255 548	2 000	948	2 880	72 912
- av dette utanlandsk valuta	0						
Gjeld:							
Gjeld til kredittinstitusjonar	110 406		110 406				
Innskot og gjeld til kundar	1 068 010		1 068 010				
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0						
Anna gjeld	8 745						8 745
Eigenkapital	186 656						186 656
Sum gjeld og eigenkapital	1 373 817	0	1 178 416	0	0	0	195 401
- av dette utanlandsk valuta	0	0					
Netto rente eksponering på balansen	0	39 529	77 132	2 000	948	2 880	-122 489
- av dette utanlandsk valuta	0						0

Valutarisiko

Valutarisiko er risikoen for tap som følgje av endringar i valutakursar.

Banken har ikkje andre balansepostar i utanlandsk valuta enn kassebeholdninga. Denne er omrekna til norske kroner basert på kursen ved utgangen av året. Risiko for valutatap vert ikkje vurdert som vesentleg.

Prisrisiko

Investeringa banken har i eigenkapitalinstrument er avgrensa og utgjer pr 31.12.2015 kr 1.045.000. Spesifikasjon går fram av note 10.

Note 5 – Finansielle derivat og instrument

Banken kan berre nytte finansielle derivat og instrument til sikringsformål, men har ikkje nytta slike dei siste to åra.

Note 6 - Utlån

Beløpet som best representerer banken si maksimale eksponering for kreditrisiko ovanfor kundar (definert i note 4), utan å take omsyn til sikkerheiter- eller andre kredittforbetringar, er bokført verdi av netto utlån tillagt garantiar og ikkje opptrekte, gjevne kredittrammer.

Banken si maksimale eksponering for kreditrisiko	31.12.2015	31.12.2014
Brutto utlån	1 195 008	1 151 231
Nedskrivning på individuelle utlån	-1 825	-2 249
Nedskrivning på grupper av utlån	-2 600	-2 600
Netto utlån	1 190 583	1 146 382
Garantiar	23 836	16 931
Ikke opptrekte kredittammer	23 106	29 256
Maksimal eksponering for kreditrisiko	1 237 525	1 192 569

Sikkerheit

Banken nyttar sikkerheiter for å redusere kredittrisikoen. Sikkerheiter kan vere i form av fysisk sikkerheit, kontantdepot eller avtala motrekning. Fysisk sikkerheit skal som hovudregel vere forsikra og kan for eksempel vere bygningar, bustader, driftsmidlar og/eller varelager. Sikkerheitens verdi vert fastsett til verkeleg verdi med førehandsbestemt %-fradrag avhengig av type sikkerheit. Ved vurdering av verdien til sikkerheita vert det i utgangspunktet lagt til grunn fortsatt drift, med unntak for dei tilfella der det allereste er gjennomført ei nedskrivning.

Verkeleg verdi av sikkerheitene for utlån	2015	2014
SUM	1.460.019	1.552.011

Sjå tabell for misleghaldne og tapsutsette lån for informasjon om verdi av sikkerheiter for misleghaldne og tapsutsette lån.

Prinsipp for risikoklassifisering

Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderingsprosessen. Systemet mogleggjer ei god overvaking av risikoutviklinga i banken si engasjementsportefølje. Valle Sparebank har i 2015 endra prinsipp for risikoklassifisering. Den nye modellen er felles for alle Eikabankar og er utvikla i samarbeid med AAA Soliditet.

Tidlegare risikoklassifiseringsmodell vektla økonomiske faktorar med 60% og sikkerheiten med 40% både på personkundar og næringslivskundar.

Klassifiseringa var delt inn i 5 grupper der A representerer minst risiko og E størst risiko.

Modellen som no vert brukt er ein sannsynlighetsbasert (PD - probability of default) risikoklassifiseringsmodell som er delt i to hovudmodellar - ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad. Det er også eit modellmessig skille mellom eksisterande (6 mnd eller meir) og nye kundar.

Risikoklassifiseringsmodellen er delt inn i tre delmodellar: 1. Ekstern (generisk) modell 2. Intern (atferds) modell 3. Makromodell.

Ny kunde	over 6 mnd	
Generisk modell (ca 95%)	Personmarknad:	Bedriftsmarknad:
Makromodell (ca 5%)	Adferdsmodell ca 79%	Adferdsmodell ca 69%
	Generisk modell ca 19%	Generisk modell ca 29%
	Makromodell ca 2%	Makromodell ca 2%

Klassifiseringa er delt inn i 12 grupper der 1 representerer minst risiko og 12 størst risiko.

Spesifikasjon på risikoklasse 31-12-2015

Samla 31-12-2015	Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	898 883	72,4 %	888 806	1 238	8 839
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	208 229	16,8 %	180 861	16 458	10 910
Akk. risikoklasse 8 - 12	høg	131 099	10,6 %	121 846	5 948	3 305
Uklassifisert	høg	3 739	0,3 %	3 495	192	52
SUM		1 241 950	100,0 %	1 195 008	23 836	23 106

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Personmarknaden 31-12-2015	Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	859 101	82,7 %	852 636	778	5 687
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	119 538	11,5 %	118 658	73	807
Akk. risikoklasse 8 - 12	høg	56 748	5,5 %	56 734	0	14
Uklassifisert	høg	3 142	0,3 %	3 102	0	40
SUM		1 038 529	100,0 %	1 031 130	851	6 548

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Bedriftsmarknaden 31-12-2015	Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse 1 - 3	låg	39 782	19,6 %	36 171	460	3 151
Akk. risikoklasse 4 - 7	middels	88 691	43,6 %	62 204	16 385	10 102
Akk. risikoklasse 8 - 12	høg	74 352	36,6 %	65 114	5 948	3 290
Uklassifisert	høg	596	0,3 %	389	192	15
SUM		203 421	100,0 %	163 878	22 985	16 558

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Spesifikasjon på risikoklasse 31-12-2014

Samla 31-12-2013	Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse A	låg	120 417	10,1 %	113 306	435	6 676
Akk. risikoklasse B	låg	592 416	49,5 %	583 548	992	7 876
Akk. risikoklasse C	middels	363 042	30,3 %	343 841	10 837	8 364
Akk. risikoklasse D	høg	104 363	8,7 %	95 049	4 222	5 092
Akk. risikoklasse E	høg	11 667	1,0 %	10 892	159	616
Uklassifisert	høg	5 515	0,5 %	4 595	286	634
SUM		1 197 420	100,0 %	1 151 231	16 931	29 258

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Personmarknaden 31-12-2014	Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse A	låg	103 665	10,4 %	101 621	163	1 881
Akk. risikoklasse B	låg	561 492	56,5 %	558 795	192	2 505
Akk. risikoklasse C	middels	260 800	26,2 %	259 076	390	1 334
Akk. risikoklasse D	høg	57 688	5,8 %	57 602	0	86
Akk. risikoklasse E	høg	6 389	0,6 %	6 389	0	0
Uklassifisert	høg	4 367	0,4 %	4 209	0	158
SUM		994 401	100,0 %	987 692	745	5 964

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Bedriftsmarknaden 31-12-2014	Engasjement	%	Brutto utlån	Garantiar	Unytta kreditt	Individuell nedskrivning
Akk. risikoklasse A	låg	16 752	8,3 %	11 685	272	4 795
Akk. risikoklasse B	låg	30 924	15,2 %	24 753	800	5 371
Akk. risikoklasse C	middels	102 242	50,4 %	84 765	10 447	7 030
Akk. risikoklasse D	høg	46 675	23,0 %	37 447	4 222	5 006
Akk. risikoklasse E	høg	5 278	2,6 %	4 503	159	616
Uklassifisert	høg	1 148	0,6 %	386	286	476
SUM		203 019	100,0 %	163 539	16 186	23 294

Berre ein mindre del av engasjementa er uklassifiserte, og er da tekne med som høg risikoklasse.

Forskyving mellom risikogrupper

Pga endra prinsipp for risikoklassifisering så kan ein ikkje samanlikne 2014 og 2015.

Gruppevis nedskrivningar, som utgjer kr 2,6 mill., er vurdert i høve til banken si tapseksponeering totalt i gruppene 8 - 12 (høg).

Forventa årleg tapsnivå - forventa tap i høve til renteinntekter

I banken er det eit mål å vektleggje risiko ved prising av engasjement, slik at lån og kredittar med lågaste rente har tilsvarende låg risiko.

Overvaking av kredittrisiko og oppfølging av tapsutsette engasjement er særskild viktig. Kredittrisikoen vert overvaka kontinuerleg gjennom analysar, misleghaldsrapportering, restanse- og overtreksrapportering. Ein vurderer det slik at årlege tap ikkje vil overstige 0,3 % av brutto utlån dei næraste tre år. Vurderinga byggjer på røynslar frå tidlegare år, kjennskap til banken sine lånekundar, oppfølginga av kredittrisikoen og enkeltengasjement og tapsestimat frå Noregs Bank.

Tapa vert forventa å kome i grupper med høg risiko. Ein forventar at tapa ligg innanfor den samla forventa renteinntekta for gruppa.

Bokført/verkeleg verdi på utlån til kundar

Utlån og garantiar vert verdsette i tråd med "Forskrift om regnskapsmessig behandling av utlån og garantiar. Det ligg ikkje føre grunnar som skulle tilseie at verkeleg verdi/marknadsprisar avvik frå amortisert kost.

Lån og garantiar vert verdsette til pålydande når renter og avdrag vert betjente etter avtalen, og det elles ikkje er objektive forhold som tilseier at engasjementet bør nedskrivas.

Dersom det ligg føre objektive bevis for verdifall på enkelte utlån eller grupper av utlån, er låna nedskrive. Etter forskrifta skal slike lån nedskrivas med differansen mellom balanseført verdi og noverdien av framtidige kontantstraumar, utrekna etter forventa levetid på lånet.

Nedskrivingar vert klassifiserte som tapskostnad, og renteinntekter vert resultatførte etter effektiv rentemetode.

Modellen vår byggjer på at der det ligg føre objektive bevis for risiko for tap, vert det gjort ei totalvurdering av betalingsevna til kunden, av den realitet som er stilt for lånet samt av sannsynet for tap. Det estimerte tapet vert nedskrive som individuell nedskriving på engasjementet. Nedskrivinga vert klassifisert som tapskostnad.

Objektive bevis på at eit utlån har verdifall baserer seg på observerte data banken har kjennskap til om følgende type hendingar: Vesentlege finansielle problem hjå låntakar, betalingsmisleghald eller andre vesentlege kontraktsbrot, opplåning for inndekking av termin, finansiell restrukturering, gjeldsforhandling, konkurs.

Utlån, garantiar og unytta kreditt fordelt på bransjar

2015	Brutto utlån	Garantiar	Potensiell eksponering	Misleghaldne engasjement	Tapsutsette engasjement	Individuell nedskriving	Gruppe nedskriving
Personkundar	1 031 130	851	6 548	1 823	3 843	1 185	
Næringslivskundar	163 878	22 984	16 558	828	12 000	640	2 600
Sum utlån og garantiar	1 195 008	23 835	23 106	2 651	15 843	1 825	0
Sum utlån inkl. lån overført til boligkreditt	1 609 601						
Primærnæringer	14 261	126	1 409	0	0	0	
Bygg og anlegg	21 150	17 551	4 525	0	0	0	
Eigedomsdrift, finansiell tenesteyting	69 255	275	61	669	12 000	640	
Varehandel, hotell og restaurantdrift	25 707	3 373	4 907	0	0	0	
Transport, post og telekommunikasjon	2 186	630	50	159	0	0	
Tenesteytande verksemd	16 808	100	1 598	0	0	0	
Industri og bergverk	14 511	929	4 008	0	0	0	
Sum næringskundar	163 878	22 984	16 558	828	12 000	640	

Banken har overført 28,7% av personkundeflåna til Eika Boligkreditt AS pr. 31.12.2015. På same tid året før var overføringsgraden 28,3%.

2014	Brutto utlån	Garantiar	Potensiell eksponering	Misleghaldne engasjement	Tapsutsette engasjement	Individuell nedskriving	Gruppe nedskriving
Personkundar	987 692	746	5 963	2 950		1 949	
Næringslivskundar	163 539	16 186	23 293	0	1 919	300	2 600
Sum utlån og garantiar	1 151 231	16 932	29 256	2 950	1 919	2 249	0
Sum utlån inkl. lån overført til boligkreditt	1 541 601						
Primærnæringer	15 851	126	2 368	0	0	0	
Bygg og anlegg	17 027	8 403	7 273	0	0	0	
Eigedomsdrift, finansiell tenesteyting	74 520	2 955	100	0	378	200	
Varehandel, hotell og restaurantdrift	18 727	3 283	6 859	0	0	0	
Transport, post og telekommunikasjon	2 302	674	50	0	0	0	
Tenesteytande verksemd	23 673	100	2 100	0	1 541	100	
Industri og bergverk	11 439	645	4 543	0	0	0	
Sum næringskundar	163 539	16 186	23 293	0	1 919	300	

Tap på utlån og garantiar	2015			2014		
	Tap på kreditt-institusjonar	Tap på utlån	Tap på garantiar	Tap på kreditt-institusjonar	Tap på utlån	Tap på garantiar
Årets tapskostnader						
Periodens endring i individuelle nedskrivingar	0	-424	0	0	-1021	0
+Periodens endring i gruppevis nedskrivingar	0	0	0	0	0	0
+Periodens konstaterte tap der det tidl. år er føreteke individuell nedskriving	0	0	0	0	0	0
+Periodens konstaterte tap der det tidl. år ikkje er føreteke individuell nedskriving	0	1396	0	0	2826	0
-Periodens inngang på tidlegare periodars konst. tap	0	1284	0	0	569	0
=Periodens tapskostnad	0	2161	0	0	2244	0

Banken har ikkje renteinntekter som ikkje er inntektsført.	2015	2014
Renter på engasjement som er tapsutsette utgjør	395	393

	2015			2014		
	Utlån til og fordring på kredittinst	Utlån til og fordring på kundar	Garanti ansvar	Utlån til og fordring på kredittinst	Utlån til og fordring på kundar	Garanti ansvar
Endringer i individuelle nedskrivninger						
Individuell nedskrivning 1.1.	-	2.249	-	-	3.270	-
Periodens konstaterte tap der det tidlegare er føreteke individuell nedskrivning	-	-	-	-	-	-
Auka individuelle nedskrivningar i perioden	-	1.189	-	-	2.826	-
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	-	240	-	-	-	-
Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar i perioden	-	825	-	-	1.938	-
Individuell nedskrivning 31.12.	-	1.825	-	-	2.249	-
Endring i gruppevise nedskrivningar						
Nedskrivning på grupper av utlån 1.1		2.600	-	-	2.600	-
+/- periodens nedskrivning på grupper av utlån		-	-		-	-
Nedskrivning på grupper av utlån 31.12		2.600	-	-	2.600	-

Gruppevise nedskrivningar tek høgde for tap på engasjement i banken si portefølje, som på balansetidspunktet ikkje er identifisert som tapsutsette. Systemet for avsetjing byggjer på historiske tap samt utviklinga i engasjement med høg risiko.

Misleghaldne og tapsutsette utlån	2015	2014	2013	2012	2011
Misleghaldne utlån totalt	2.651	2.950	13.167	10.206	7.202
Individuell nedskrivning	-185	-949	-2.170		
Netto misleghaldne utlån	2.466	2.001	10.997	10.206	7.202
Andre tapsutsette lån totalt	15.843	5.649	5.039	7.478	10.640
Individuell nedskrivning	-1.640	-1.300	-1.100	-2.700	-2.501
Netto andre tapsutsette lån	14.203	4.349	3.939	4.778	8.139

Misleghald refererer seg til kundar som ikkje har betalt termin på utlån innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekkja inn som avtala etter 90 dagar etter at overtrekket skjedde. Samla misleghald over 30 dagar utgjer 25.777.

Aldersfordeling av misleghaldne og tapsutsette utlån

	Over 3 tom 6 mnd	Over 6 mnd tom 12 mnd	Over 1 år	Sum misleghaldne lån	Tapsutsette lån	Sikkerheiter for mislegh. lån	Sikkerheiter for tapsuts lån
31.12.2015							
Privatmarknad	549	0	1 274	1 823	3 843	1 820	1 500
Bedriftsmarknad	0	829	0	829	12 005	1 000	11 200
Sum	549	829	1 274	2 652	15 848	2 820	12 700
31.12.2014							
Privatmarknad	0	337	2 613	2 950	3 775	800	1 500
Bedriftsmarknad	0	0	0	0	1 919	0	249
Sum	0	337	2 613	2 950	5 694	800	1 749

Note 7 - Overtekne eigedelar

Overtekne eigedelar

I samband med konstatering av tap på to engasjement har banken overteke to eigedomar. Den eine eigedomen er verddivurdert og rekneskapsført til 4,65 mill kroner og for tida utleigd. Den andre eigedomen, eit forretningsbygg i Valle sentrum er verddivurdert og rekneskapsført til 2,5 mill. kr. Det er sett i gong ein prosess med å selje eigedomen.

Type eigedel	2015	2014
Overtekne eigedomar for vidaresal	7.150	7.150

Note - 8 Obligasjonar, sertifikat og andre renteberande verdipapir

Verdsetjing

Banken si portefølje av obligasjonar er vurdert til lågaste av kjøpskostnad og verkeleg verdi/marknadsverdi på balansetidspunktet.

Heile porteføljen er klassifisert som omløpsmidlar.

Utrekninga av verkeleg verdi byggjer på børskurs og/eller observerte marknadsverdiar, og alle papira er i NOK.

Omløpsmidlar	Risikovekt	Bokført verdi	Pålydande verdi	Kostpris	Marknadsverdi	Børsnotert del av bokf
Utferda av det offentlege						
Kommunar	20 %	14 970	15 000	15 007	14 970	4 999
Sum		14 970	15 000	15 007	14 970	4 999
Utferda av andre						
Bankobligasjonar	20 %	15 937	16 000	16 170	15 937	15 937
Bankobligasjonar - ansvarleg lån	100 %	-	-	-	-	-
Kredittforetak - OMF	(1) 10 %	46 443	46 500	46 899	46 483	46 443
Kredittforetak	20 %	-	-	-	-	0
Industri	100 %	-	-	-	-	0
Andre sektorer	100 %	-	-	-	-	0
Sum		62 380	62 500	63 069	62 420	62 380
Sum sertifikat, obligasjonar mv		77 350	77 500	78 076	77 390	67 379

Årets nto nedskr/reversert nedsk

Bokført verdi

Av dette deponert som sikkerheit for lån i Noregs Bank (haircutverdi)

F-lån i Norges Bank

Fri likviditet/sikkerheit for ytterlegare lånerett i Noregs Bank

726

77.350

44.605

-

59.076

(1) Banken har, gjennom rammeavtale med Eika Boligkreditt, garantert å kjøpe nyutferda OMF`ar om EBK ikkje kan innhente likviditet på annan måte. Garantien kan variere frå månad til månad og utgjer 0 mill kr ved utgangen av året.

Gjennomsnittleg vekta eff. rente på obligasjonsporteføljen pr 31-12-2015 utgjer 0,77 % (31-12-2014:2,14 %).

Note 9 - Ansvarleg lånekapital i andre føretak

Bokført som utlån til og fordring på kredittinstitusjonar:	Pålydande	Bokført
Entercard - evigvarande	2.000	2.000
Medlemsinnskott KFS	4.050	4.050
Bokført som sertifikat og obligasjonar:		
Ansvarleg lånekapital	-	-

Note 10 - Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning

Verdsetjing

Aksje-/rentefond vert klassifisert som omløpsmiddel, og vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Aksjar klassifisert som anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men vert nedskrive når verkeleg verdi (marknadverdi) vert vurdert/observert å vere lågare enn kostpris.

Spesifikasjon etter grupper:	Balansført verdi	Verkeleg verdi	Kostpris	Andel børsnotert
Omløpsmidlar				
Omløpsportefølje	12 217	12 217	12 239	12 217
Andre omløpsmidlar	894	894	1 955	0
Anleggsmidlar	30 058	41 509	22 905	382
Sum omløpsmidlar og anleggsmidlar	43 169	54 620	37 099	12 599

Av dette deponert som sikkerheit for lån i Noregs Bank

0

Omløpsportefølje	Tal på aksjar	Resultatført verdiendring	Balansført verdi	Verkeleg verdi	Kostpris	Andel børsnotert
Spesifikasjon						
Eika Sparebank	12 001	0	12 217	12 238	12 217	0
		0	0	0	0	0
Sum omløpsportefølje		-	12 217	12 238	12 217	
Aberdeen Eiendom	92 097	825	130	130	955	
German Property	94 000	236	764	764	1 000	
Sum andre omløpsmidlar		1 061	894	894	1 955	
Res.ført nedskr.1.1.		1 049				
Akkumulert positiv verdiendring 31-12		-12				
Sum omløpsmidlar		-12	13 111	13 132	14 172	

Anleggsmidlar	Org.nr.	Tal på aksjar	Resultatført verdiendring	Balansført verdi	Verkeleg verdi	Kostpris	Andel børsnotert
Spesifikasjon							
Aksjar:							
SDC	DK0183232751	535	0	228	250	228	0
Eika Gruppen AS	979319568	99 161	0	3 964	12 425	3 964	0
Eika Boligkreditt AS	885621252	5 481	0	22 905	23 768	22 905	0
Sparebankmaterieell Spama	916148690	200	0	20	20	20	0
DNB ASA	981276957	25 000	0	382	2 745	382	382
Kredittforeningen for Sparebanker	986018930	460	0	474	474	474	0
Kvinesdal Sparebank	937894805	5 714	0	571	571	571	0
Eiendomskreditt	979391285	14 125	0	1 423	1 423	1 423	0
Aust-Agder Næringselskap	929263162	2 000	0	20	20	20	0
Valle infrastruktur	987840889	-	0	0	0	0	0
BankID Norge AS	913851080	40	0	63	63	63	0
NorProAS	996154262	4 037	0	8	0	8	0
Sum anleggsmidlar		0	0	30 058	41 509	29 830	382
Sum aksjar, andelar o a verdipapir med variabel avkastning				43 169	54 641	44 002	

Porteføljeendring gjennom året av verdipapir som er anleggsmiddel:

	01.01.2015	Nedskrivn	Reklass.	Tilgang	Avgang	31.12.2015
Anleggsaksjer	28.237	0	0	2.606	1.821	30.058

Note 11 - Varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

Faste eigedomar og andre varige driftsmidlar vert balanserte til kostpris med årlig fråtrekt ordinære avskrivningar.

Ordinære avskrivningar tilsvarar ei lineær avskrivning over forventta levetid for det enkelte driftsmiddel.

	Maskinar inv/ transp.	Bankbygg, hytte, tomter
Kostpris 1/1	7 116	21 951
Årets tilgang	926	-
Årets avgang	-	-
Kostpris 31/12	8 042	21 951
Akkumulerte avskrivningar 1/1	6 348	8 010
Årets avskrivningar	253	283
Akkumulerte avskrivningar 31/12	6 601	8 293
Bokført verdi pr. 31.12	1 441	13 659
Avskrivningssatsar	10 - 20%	0 - 2%

Fast eigedom	Type	Geografisk lokalisering	Areal m 2	Av dette utleigd areal m 2	Balansført verdi 31.12
Hovudkontor	Bankbygg	Valle	1050	200	5 458
Forretningsbygg Valle sentrum	Bankbygg	Valle	335	335	-
Filial Fysstad	Bankbygg	Valle	80		1 802
Leilegheit Fysstadtunet	Leilegheit	Valle	80	80	1 400
Bedriftsleilegheit	Leilegheit	Kristiansand	105		4 998
Sum					13 659

Note 12 - Andre egedelar

Uvesentlege beløp spesifiserast ikkje.

Note 13 - Forvaltning av finansielle instrument

Banken utfører ikkje forvaltning av finansielle instrument.

Note 14 - Sals- og gjenkjøpsavtaler

Banken har ikkje sals- eller gjenkjøpsavtaler.

Note 15 - Gjeld

Gjeld til kredittinstitusjonar	Valuta	2015	2014
Lån / innskot frå kredittinstitusjonar utan avtala løpetid	NOK	-	-
Lån / innskot frå kredittinstitusjonar med avtala løpetid	NOK	110 406	135 483
Sum gjeld til kredittinstitusjonar		110 406	135 483
Gjennomsnittleg rentesats		2,58 %	2,91 %

Innskot frå kredittinstitusjonar utan løpetid har renteregulering kvar 3. månad, og det er avtala flytande rente.

Lån med avtala løpetid omfattar innlån fra KIS på kr MNOK 110. Forfall på innlåna fordeler seg på 2016; MNOK 25; 2018; MNOK35, 2019; MNOK 50.

Det er ikkje stilt sikkerheit for denne gjelda.

Gjennomsnittleg rente er utrekna på grunnlag av faktisk rentekostnad gjennom året i prosent av gjennomsnittleg gjeld til kredittinstitusjonar.

Innskot frå og gjeld til kundar	Valuta	2015	2014
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtala løpetid	NOK	562 593	509 396
Innskot frå og gjeld til kundar med avtala løpetid	NOK	505 417	527 085
Sum gjeld til kundar		1 068 010	1 036 481
Gjennomsnittleg rentesats		1,44 %	2,15 %

Gjennomsnittleg rente er utrekna på grunnlag av faktisk rentekostnad gjennom året i prosent av gjennomsnittleg innskot frå kundar.

Det er ikkje stilt sikkerheit for gjelda.

Lov om sikringsordningar for bankar pålegg banken å vere medlem av Bankenes sikringsfond. Fondet plikter å dekke tap som ein innskytar måtte få på innskot i banken med inntil 2 mill. kroner av det samla innskotet. Årleg betalar banken ei avgift til Bankenes sikringsfond etter føresegner i Banksikringslova. Sparebankane var i perioden 2004 - 2007 fritakne for avgifta. I 2008 betalte banken redusert avgift med TNOK 180, og full avgift vart betala i 2009 og 2010 med TNOK 653 og TNOK 611. I 2011 og 2012 har banken på nytt vore fritaken slik avgift. Endringar i banksikringslova gjer at bankane må pårekne avgiftsinnbetaling kvart år framover. I 2015 var denne TNOK 725. I 2016 vert avgifta TNOK 756.

Banken har pr 31.12.15 ikkje utferda nokon obligasjons- eller sertifikatlån.

Anna gjeld	2015	2014
Spesifisert på dei viktigaste enkeltpostane:		
Bankremisser	144	103
Betalbar skatt	2 936	3 552
Leverandørgjeld og offentleg gjeld og avgifter	1 485	866
Betalingsystem	2 202	771
Anna gjeld	111	95
Sum anna gjeld	6 878	5 387

Note 16 - Ansvarleg lån

Banken har ikkje utferda ansvarlege lån eller andre eigenkapitalinstrument.

Note 17 - Lån med resultatavhengig rente

Banken har ikkje lån med resultatavhengig rente.

Note 18 - Endringar i eigenkapitalen

	Sparebankens fond	Gåvefond	Sum eigenkapital		Sum disponering
Eigenkapital 1.1	175 815	7 375		183 190	
Endring pensjon til IAS 19R 1.1.	-4 151			-4 151	
Endring pensjon 31.12.	673			673	
Endring estimatavvik 31.12.	253			253	
Disponering av årets resultat	6 322	1 500		7 822	7 822
Overføring fra gåvefond		-1 131		-1 131	0
Eigenkapital 31.12	178 912	7 744	0	186 656	7 822

Resultat etter skatt utgjer 0,57 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Note 19 - Kapitaldekning

Krav til kapitaldekning er ein minimum ansvarleg kapital på 8% av eit nærare definert grunnlag. I tillegg til dette kjem særskilte bufferkrav. Banken har sjølv ein prosess for å vurdere samla kapitalbehov. Vurderinga byggjer på risikoprofilen til banken.

Ansvarleg kapital	2015	2014
Sparebankens fond	178 912	175 815
Gåvefond	7 744	7 375
Overfinansiert pensjonsskyldnad, fråtrekt utsett skatt	-56	-3 646
Utsett skattefordel og andre immaterielle eigedelar	-	-
Ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	-15 038	-16 222
Rein kjernekapital	171 562	163 322
Fondsobligasjon	-	-
Kjernekapital	171 562	163 322
Tidsavgrensa ansvarleg lånekapital	-	-
Tilleggskapital	-	-
Netto ansvarleg kapital	171 562	163 322
Kapitalkrav fastsett av styresmaktene, 8 %	60 373	61 016
Overskot av ansvarleg kapital	111 189	102 306

Tilleggskapital er nærare spesifisert i note 16.

Den 19.12.2013 vart årsrekneskapsforskriften endra slik at noterte bankar må implementere IAS 19 frå og med 1.1.2015. Hovudkonsekvensen er at estimataviket pr 31.12.2014 iht. IFRS utrekning må rekneskapsførast mot eigenkapitalen 1.1.2015. Verknaden av ei innføring av IAS19 er vist i note 18.

Spesifikasjon av bankens utrekningsgrunnlag, kapitalkrav og kapitaldekningsprosent

Eksponeringskategori/ Utrekningsgrunnlag risikotype	Utrekningsgrunnlag Eigedelar		Utrekningsgrunnlag Utanom balansen		Utrekningsgrunnlag TOTALT	
	2015	2014	2015	2014	2015	2014
Statar og sentralbankar	0	0	0	0	0	0
Lokale/reg. myndigheiter	2 999	3 791	0	0	2 999	3 791
Institusjonar	6 561	8 981	0	0	6 561	8 981
Føretak	47 968	47 683	8 684	5 447	56 652	53 130
Pant i fast eigedom	477 396	409 735	11 662	50 238	489 058	459 973
Forfalne engasjement	3 828	4 000	0	0	3 828	4 000
Obl. med føretrinsrett	4 651	5 992	0	0	4 651	5 992
Andelar i verdipapirfond	6 109	12 060	0	0	6 109	12 060
Eigenkapitalposisjonar	21 986	17 899	0	0	21 986	17 899
Andre engasjement	81 404	125 473	12 710	5 001	94 114	130 474
Kredittrisiko	652 902	635 614	33 056	60 686	685 958	696 300
Motpartsrisiko					0	0
Operasjonell risiko					68 707	66 397
Sum alle risikoar					754 665	762 697
Kjernekapitaldekning					22,73 %	21,41 %
Kapitaldekning					22,73 %	21,41 %

Note 20 - Postar utanom balansen

Vilkårsette skyldnader - Garantiar	2015	2014
Betalingsgarantiar	2 008	4 687
Kontraktsgarantiar	15 577	6 832
Anna garantiansvar	4 501	4 312
Lånegarantiar - Eika BoligKreditt	24 623	50 440
Garantiar for skattar	1 750	1 100
Garanti ovanfor Bankenes sikringsfond	-	-
Sum vilkårsette skyldnader	48 459	67 371

Banken stiller garanti for lån som kundane våre har i Eika BoligKreditt (EBK). EBK har som kriterie at lånet er innanfor 60 % av panteobjektet (bustad/hytte). Vidare må det vere takst på eigedomen og taksten må ikkje vere eldre enn 6 månader når lånet vert teke opp.

Banken sine kundar har pr 31.12.15 lån for 414,6 mill. kroner hos EBK (31.12.14 390,3 mill. kroner).

Garantibeløpet ovanfor EBK vart endra i 2015 og er no todelt:

Tapsgarantien er avgrensa til 1% av den til einkvar tid samla låneportefølje i Eika BoligKreditt, men likevel slik at for låneporteføljer som ikkje overstig NOK 500 mill utgjer tapsgarantien minimum NOK 5 mill. Saksgarantien gjeld for heile lånebeløpet frå banken ber om utbetaling til pantesikkerheiter har oppnådd rettsvern

EBK har også rett til å motrekne eventuelle tap i banken sin provisjon for kundehandsaming i ein periode på inntil 3 år.

Spesifikasjon av garantiar til EBK	2015	2014
Tapsgaranti	5 000	29 747
Saksgaranti	19 623	16 812
Del av felles garantiramme	-	3 881
Sum	24 623	50 440

Alle lån i EBK ligg innanfor 60 % av forsvarleg verdigrunnlag, altså i godt sikra bustadlån. Restrisiko knytt til lån formidla til EBK er etter banken si vurdering avgrensa. Banken har ikkje overtatt misleghaldne lån frå Eika BoligKreditt i 2015 eller fram til årsrekneskapsrapporten for 2015 vert lagt fram. Bankens sine utlån gjennom EBK gjeld i hovudsak nye lån eller refinansiering, og desse har difor ikkje i vesentleg grad vore bokført på banken sin balanse.

Sidan lån formidla til EBK utelukkande er godt sikra lån, ventar banken låg misleghaldsannsyn, og at volumet på lån som vert tekne tilbake til eigen balanse ikkje vil vere vesentleg for banken sin likviditet. Dersom ein legg til grunn 1 % misleghald i porteføljen, vil dette utgjere omlag 4 mill. kroner. Likviditetsrisikoen knytta til lån formidla til EBK er etter banken si vurdering ikkje vesentleg.

Banken har tidlegare hatt ein rammeavtale om kjøp av obligasjonar med føretrinsrett (OMF) utferda av EBK for 29,9 mill kr. I samband med at Eika BoligKreditt vart skild ut som eige selskap med bankane som eigarar, vart det etablert nye avtalar som regulerer likviditets- og kapitalstøtte. Hovudtrekka i den nye avtalen er at eigarbankane, så lenge dei har utlånsportefølje i selskapet, under gjevne føresetnader er forplikta til å tilføre Eika BoligKreditt likviditet, avgrensa til forfall dei neste tolv månadanane med frådrag for selskapet sin eigen likviditet. Pr 31.12.2015 utgjorde denne forpliktinga 0 kr for Valle Sparebank.

Skyldnader	2015	2014
Løyvde, ikkje utbetalte lån og unyttta kredittar	62.341	48.774
Sum skyldnader utanom balansen	62.341	48.774

Eigedelar deponert som sikkerheit for F-lån i Norges Bank

	Haircutverdi NB 2015	2015	2014
Obligasjonar - sjå note 8	44.646	46.443	63.868
Pengemarknadsfond - sjå note 10	-	-	-
Sum skyldnader utanom balansen	44.646	46.443	63.868

Note 21 - Vilkårsette utfall

Arten og omfanget av vilkårsette skyldnader gjeld garantiar og pensjonsskyldnader. Det vert synt til note nr. 20 og 27.

Note 22 - Fordeling av inntekt på geografisk område

Inntektene fordeler seg geografisk i hovudsak i same forhold som den underliggjande hovudstol:

	%	SUM	Brutto utlån	Garantiar	Potensiell eksponering
Aust-Agder fylke	41,75 %	518 573	476 708	21 596	20 269
Av dette i Valle kommune	27,77 %	344 833	306 694	20 954	17 185
Landet elles	58,25 %	723 376	718 300	2 239	2 837
Utlandet	0,00 %	-	-	-	-
SUM	100,00 %	1 241 949	1 195 008	23 835	23 106

Note 23 - Forvaltning- og administrasjonstenester

Banken forvaltar etablerings- og næringslån for Valle kommune og Bykle kommune for i alt kr 12,7 mill. Banken sine oppgåver er regulerte i eigne avtaler og inneber ingen kredittrisiko for banken.

Note 24 - Spesifikasjon av provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester

	2015	2014
Garantiprovisjon	183	162
Kredittformidling (provisjon EBK)	2 436	3 599
Betalingsformidling	4 028	3 867
Verdipapirumsetjing/forvaltning	228	196
Forsikringstenester, provisjon	1 491	1 157
Anna verksemd	135	111
Sum provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	8 501	9 092

Note 25 - Andre driftsinntekter

	2015	2014
Driftsinntekter fast eigedom	304	319
Gevinst ved sal av driftsmidlar	-	-
Sum andre driftsinntekter	304	319

Note 26 - Løn og generelle administrasjonskostnader

	2015	2014
Periodens kostnad knyttet til rentesubsidiering av lån til tilsette utgjør	177.248	85.016

Lån til tilsette er gjevne etter særskilde retningslinjer vedtekte av styret. Låna er gjevne med subsidiert rente. Utrekna rentesubsidiering er differansen mellom lånerente og normrenta fastsett av styresmaktene, og inneber ei fordelskattlegging for den enkelte tilsette.

Beløpet er ikkje ført som kostnad i rekneskapen, men rentesubsidieringa reduserer bankens reinteinntekter tilsvarande.

Note 27 - Pensjonskostnader og pensjonsskyldnader - talet på tilsette

Talet på tilsette ved utgangen av året er 16 som samla har utført 14,05 årsverk. OTP - Obligatorisk tenestepensjon er pliktig. Banken si ordning tilfredsstiller krava.

Innskotspensjon

Frå og med år 2009 vert nyttilsette knytt til ei innskotsbasert pensjonsordning. Tre personar er omfatta av denne ordninga pr i dag.

Fondsbaserte skyldnader:

Banken har pensjonsforsikring i DNB som forvaltar pensjonsmidlane innanfor dei generelle retningslinjer som gjeld for forsikringsselskap. Hovudvilkår er 30 års opptening. Den ytelsesbaserte ordninga; omlag 66% av løn ved pensjonering og 15 års utbetaling. Pensjonsforsikringa er på lik line med andre pensjonsordningar i privat sektor ei såkalla nettoordning, dvs. ytingane kjem i tillegg til ytingar frå folketrygda. Pr. 31.12.15 er 11 aktive og 6 pensjonistar knytt til denne pensjonsordninga.

Ikkje fondsbaserte skyldnader:

Ny AFP-ordning er etablert frå 1-1-2011. Den nye AFP-ordninga er, i motsetnad til den gamle, ikkje ei fortidspensjonsordning, men ei ordning som gjev eit livslangt tillegg på den ordinære pensjonen. Dei tilsette kan velje å ta ut den nye AFP-ordninga frå og med fylte 62 år, også ved sida av å stå i jobb, og den gjev ytterlegare opptening ved arbeid fram til 67 år. Den nye AFP-ordninga er ei ytelsesbasert fleireforetaks-pensjonsordning, og finansierast gjennom premiar som vert fastsett som ein prosent av løn. Førebels ligg det ikkje føre noko påliteleg måling og allokering av skyldnader og midlar i ordninga. Rekneskapsmessig vert ordninga behandla som ei innskotsbasert pensjonsordning der premiebetalinger kostnadsførast løpande, og inga avsetjing vert gjort i rekneskapen. Det er ikkje fondsoppbygging i ordninga og det vert venta at premienivået vil auke dei kommande åra.

Ved verdsetting av pensjonsmidlane og ved måling av påkomne skyldnader, vert estimerte verdiar nytta. Pr 1.1.2015 gjekk banken over frå å føre pensjonskostnaden i samsvar med Oppdatert NRS 6 Pensjonskostnaden til IAS 19R. Estimataviket på skyldnaden vert no ført mot eigenkapitalen. Effekten på EK ved overgangen til IAS 19R er vist nedanfor.

Desse føresetnadene er lagt til grunn for estimata:	2015	2014
Avkastning på pensjonsmidlar	2,30 %	3,00 %
Diskonteringsrente	2,30 %	3,80 %
Årleg lønsvekst	3,25 %	3,25 %
Årleg G-regulering	3,00 %	3,00 %
Årleg regulering av pensjonar under betaling	0,10 %	0,10 %
Gjennomsnittleg arbeidsgjevaravg.faktor	10,60 %	10,60 %

Pensjonskostnader:	SUM 2015	Sikra ytingar 2015	Usikra ytingar 2015	SUM 2014
Årets pensjonsopptening	361	361	0	312
+ Rentekostnad på pensjonsskyldnader	8	8	0	525
= Pensjonskostnad (brutto)	369	369	0	837
- Forventa avkastning på pensjonsmidlar	6	6	0	(521)
+ Administrasjonskostnader	30	30	0	201
= Pensjonskostnad (netto)	405	405	0	517
+ Resultatført estimatavik	0	0	0	258
= Pensjonskostnad	405	405	0	775
I tillegg kjem innskotsbaserte ytingar				
Premie innskotspensjon	90			108
Premie serviceavtale	30			29
Premie ny AFP-ordning	117			114
SUM pensjonskostnad	642			1 026

Pensjonsskyldnader	Overfinansiering av pensjonsskyldnaden		Pensjonsskyldnad	
	2015 Estimert	2014 Estimert	2015 Estimert	2014 Estimert
Rekneskapsført overfinansiering	-4 994	660	1 413	-
Effekt EK ved overgang til IAS 19R vinst/(tap)	5 655	-	-	-
Pensjonsskyldnader (brutto/PBO)	-	-	-	1 445
Pensjonskostnad	405	-	-	-
Innbetalinger/utbetalinger	-798	-	-491	-
Estimatavik over OCI	-345	-	-922	-
= Pensjonsskyldnader (netto)	-77	660	-	1 445
+ Ikkje resultatført estimatavik	-	-5 654	-	-31
= Balanseførte pensjonsmidler/-skyldnader inkludert avgift	-77	-4 994	-	1 413
Inkluderer arbeidsgjevaravgift med	8	63	-	180

Note 28 a - Ytingar til leiande personar

Banken nyttar ikkje aksjeverdbasert godtgjering.

Leiande tilsette og tillitsvalde	2015	2014
Løn og annan godtgjering til adm. banksjef Vidar H. Homme , inkl. bonus	980	958
<i>Godtgjering til styremedlemer</i>		
Jostein Rysstad Styreleiar	60	55
Olav Mosdøl Nestleiar	40	35
Magnhild Bjørnarå Styremedlem	40	35
Frode Buen Styremedlem	40	35
Gro Haatveit Styremedlem	40	35
Erling Sagneskar Varamedlem	1	0
SUM for styret	221	195
<i>Godtgjering til medlemene i kontrollnemnda</i>		
Wenche E. Gundersen Leiar	12	12
Inger Aamli	6	6
Björgulv T. Berg	6	6
Torunn Langeid (vara)	2	1
SUM for kontrollnemnda	26	25
<i>Godtgjering til medlemmer i forstandarskap</i>		
Liv Bratlie Løyland Leiar	8	5
<i>Godtgjering til medlemmer i forstandarskap og valnemnd</i>	20	33

Note 28 b - Lån til leiande personar mv.

	2015		2014	
	Lån	Garanti	Lån	Garanti
<i>Tilsette:</i>				
Banksjef	3 276	-	3 191	-
Andre tilsette	16 462	-	13 866	-
Sum tilsette	19 738	-	17 057	-
<i>Styret</i>				
Jostein Rysstad	2 990	-	3 140	-
Olav Mosdøl	1 006	-	670	-
Frode Buen	-	-	-	-
Magnhild Bjørnarå	-	-	-	-
Sum styret eks banksjef	3 996	-	3 810	-
x) Lån til tilsette repr inngår ovanfor i lån til andre tilsette				
<i>Kontrollnemnda:</i>				
Wenche E. Gundersen	-	-	-	-
Inger Aarnli	579	-	614	-
Björgulv T. Berg	1 666	-	2 087	-
Sum kontrollnemnda	2 245	-	2 701	-
<i>Forstandarskapen (16 medlemmer):</i>				
Forstandarskapsleiar Liv Brattlie Løyland	-	-	-	-
Andre medlemmer av forstandarskapen (15 medlemmer)	6 531	-	3 560	-
Sum forstandarskapen x)	6 531	-	3 560	-

x) Lån til 2 tilsette repr inngår ovanfor i lån til andre tilsette

Note 29 - Spesifikasjon av andre driftskostnader

	2015	2014
Driftskostnad fast eigedom	1 332	851
Leige av lokale	297	291
Maskinar, inventar og transportmidlar	77	94
Revisjonshonorar inkl mva	253	233
Forsikringar og kontingentar	2 405	2 166
Eksterne tenester utanom ordinær forretningsdrift	222	163
Andre ordinære tap	25	42
Andre driftskostnader	987	823
Sum andre driftskostnader	5 598	4 663
Spesifikasjon av revisjonshonorar inkl mva:		
Lovpålagt revisjon	186 250	168 750
Likningspapir	11 250	10 625
Andre tenester utanfor revisjon	55 475	54 063
Sum revisjon og bistand inkl mva	252 975	233 438



Kveld ved Flåne

Note 30 - Skattekostnad

Betalbar skatt og endring i utsett skatt/utsett skattefordel utgjør skattekostnaden til banken.

Betalbar skatt:

Betalbar skatt utgjør 27 % av skattepliktig resultat og 0,3 % formuesskatt. Det skattepliktige resultatet vil avvike fra det rekneskapsmessige resultatet gjennom permanente og midlertidige skilnader. Permanente skilnader er kostnader utan frådragsrett og/eller ikkje skattepliktige inntekter. Midlertidige skilnader er skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige periodiseringar, som over tid vil utliknast.

Utsett skatt/utsett skattefordel:

Utsett skatt og utsett skattefordel vert utrekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier. Den delen av den utsette skattefordelen som overstig utsett skatteskyldnad skal balanseførast når det er sannsynleg at banken vil kunne nyttiggjere seg fordelene gjennom framtidige frådrag i skattepliktig inntekt. Skattesatsen er basert på 25 %.

Kostnaden i resultatrekneskaper vert korrigert for evt avvik i den utrekna skatten for fjoråret og den endeleg utlikna skatten

Betalbar skatt er utrekna slik:	2015	2014
Rekneskapsmessig resultat for skattekostnad	10 852	14 639
Permanente skilnader, inkl fritaksmetoden	-472	-3 139
Endringar i midlertidige skilnader	4 007	-491
Mot eigenkapital ved overgang til IAS 19R	-5 686	0
Skattepliktig inntekt	8 701	11 009
Inntektsskatt	2 349	2 972
Formuesskatt	587	580
Betalbar skatt	2 936	3 552
For mykje (-)/for lite avsett fjoråret	-7	7
Endring i utsatt skatt	444	133
Effekt endring i utsett skatt v/føring dir.mot ek i året	-343	0
Skattekostnad i år	3 030	3 692

Utsett skatt og utsett skattefordel er utrekna slik:	31.12.2015	31.12.2014	Endring
Positive (skatteaukande) midlertidige skilnader			
Driftsmidlar	1 087	1 072	-15
Vinst og tapskonto	-	-	-
Overfinansiert pensj. skyldnad	77	4 994	4 917
Sum positive skilnader	1 164	6 066	4 902
Negative (skattereduserande) skilnader som kan utliknast			
Avsett skyldnad 31-12	6	-134	-140
Nedskrivning verdipapir	-726	-67	659
	-720	-201	519
Grunnlag (- utsett skattefordel)/utsatt skatt	444	5 865	5 421
Utsett skatt/(- utsett skattefordel) 25 %/27%	111	1 584	1 473
Negative skilnader som ikkje kan utliknast:			
Pensjonsskyldnad	-	1 414	1 414
Sum negative skilnader	-	1 414	388
Utsett skatt/utsatt skattefordel 25%/27%	-444	-382	62
Netto utsett skatt/ skattefordel pr 31.12. før prinsippendring	-111	-1 202	-1 091
Effekt utsett skatt ved føring av pensjon mot eigenkapital ved overgang til IAS 19R	-	-	1 535
Endring utsett skatt	-	-	444



Frå UKM 2015.

Frå venstre; Osvald S. Lund, Yngve Unneland , Tarjei Hoftuft og Åsmund H. Paulsen

Kontantstraumoppstilling pr 31.12.2015

	2015	2014
Tilført frå årets drift (a)	8 283	10 882
Endring anna gjeld og pål. kostnader og forskotsbet. inntekter auke/(nedgong)	521	134
Utbetaling frå gåvefond	-1 131	-578
Endring andre eigedelar og forskotsbet. og opptente inntekter (auke)/nedgong	1 146	-994
Likviditetsendring i resultatrekneskapen	8 819	9 444
Endring utlån (auke)/nedgong	-43 777	-54 042
Endring nedskrivningar på tap	-424	-1 021
Endring overtatte eigedelar	-	-
Endring innskot frå og gjeld til kundar auke/(nedgong) auke/(nedgong)	31 529	51 474
A. Netto likviditetsendring frå verksemda	-3 853	5 855
- Investering i immaterielle eigedelar	-	-
- Netto investering i varige driftsmidlar	-926	-
Endring verdipapir (auke)/nedgong	8 937	-15 073
B. Likviditetsendring vedr. investeringar	8 011	-15 073
Endring i gjeld vedr.verdipapir auke/(nedgong)	-	-30 000
Endring lån frå kredittinstitusjonar auke/(nedgong)	-25 078	49 995
C. Likviditetsendring frå finansiering	-25 078	19 995
A+B+C Sum endring likvider	-20 920	10 777
+ Likviditetsbeholdning 1/1	56 981	46 204
=Likviditetsbeholdning 31/12	36 061	56 981
Unytta trekkrettar	60 000	60 000

Likviditetsbeholdninga består av kasse, innskot i Norges Bank og utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

(a) Tilført frå årets drift kjem fram slik:

Resultat før skatt	10 852	14 639
Betalbar skatt	-2 928	-3 557
Endring nto. pensjonsskyldnader	-904	-627
Avskrivningar og nedskrivningar	1 263	427
Sum	8 283	10 882

Årsmelding for 2015 frå kontrollnemnda i Valle Sparebank


Kontrollnemnda har i rekneskapsåret 2015 ført tilsyn med at banken er driven i samsvar med sparebanklova og lov om finansieringsverksemd, banken sine vedtekter, vedtak av forstandarskapet og andre reglar banken har plikt til å rette seg etter.


I samsvar med arbeidsplanen sin har kontrollnemnda gått igjennom styret sine protokollar og elles gjort dei undersøkingar sparebanklova og instruksen for kontrollnemnda krev.

Det er halde fellesmøte med bankens styre og revisor for utveksling av informasjon og orientering om viktige spørsmål vedkomande banken si drift og økonomiske stilling. Banksjefen har møtt i kontrollnemnda og orientert om viktige saker som gjeld forvaltninga av banken. Kontrollnemnda har særleg hatt fokus på større engasjement og banken sin likviditets- og kredittrisiko, utan at dette gjeld grunnlag for spesielle merknader.

Kontrollnemnda har gått igjennom styret si årsmelding, resultatrekneskap, og balansen, med tilhøyrande noter og revisjonsmelding. Kontrollnemnda finn at styret si vurdering av den økonomiske stillinga er dekkande, og vil rå til at resultatrekneskapen og balansen vert godkjend som banken sin rekneskap for 2015.

Valle, den 9. februar 2016


Torunn Langeid


Wenche E. Gundersen
leiar


Astrid Kyte

Frå året som gjekk



Godt med snø på taket av denne bua i Tveitedalen i mars 2015



Bygdekveld i regi av Hylestad FAU i soknehuset på Rysstad



Hallvard T. Bjørgum og Daniel Sanden Warg gav ut CD plata "Bjørgumspel vol II, Tadeivs minne". To meisterspelemenn og flotte ambassadører for Setesdal



I juni opna ordførar Tarald Myrum ny campingplass på Helle. Arne Holskog til venstre og kona Ampa Noi Seelek til høgre. Det var i Treungen det skjedde i 2015!



Optimisme i landbruket i Treungen med store investeringar i tre gårdsbruk. Her er Egil Åmlid framfor driftsbygningen han utvida i 2015



Inntaksdammen til Homme Kraftverk i Laugardalen vart ferdig hausten 2015

Frå året som gjekk



Konfirmasjon i Valle kyrkje 10. juni 2015.

Frå venstre: Helene Lien, Tora Verpe Dale, Ane Trydal Buen, Synne Uppstad, Birgitte A. Haugeland, Ivar Røysland, Ole Søren Sverdrup Lund, Tarjei Hoftuft, Knut Olav Lund og Tommy Aasen



Margit Dale lanserte bok saman med kokken Trond Moi og komikaren Rune Andersen i oktober. Boka inneheld spennande matoppskrifter med råvarer frå Setesdal. Dei tre laga også ein fjernsyns-serie med same tema som vart synt på TV2 rett før jol.



Valle IL arrangerte Sprekleiken i november. Kjetil André Aamodt deltok i tevlinga og heldt foredrag. Ein populær gjest tydelegvis. I alle fall i fylgje frå venstre; Hege Silje Jansen, Cecilie Haugen og Caroline Rysstad



Tlf: 38 27 13 70
Fax: 38 27 13 71
www.bdo.no
Org.nr. 993 606 650 MVA

BDO
Hollendergata 3
4514 Mandal

Til forstandarskapet i
Valle Sparebank

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Valle Sparebank som viser eit overskot på kr 7.822.338,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettsynt bilete i samsvar med rekneskapslovas reglar om god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettsynt bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettsynt bilete av den finansielle stillinga til Valle Sparebank per 31. desember 2015 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova reglar om god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Evje, 9. februar 2016
BDO AS

Helge Vinterstø
Statsautorisert revisor



Frå storflaumen i 1933

Vatnet når mest opp til brua. Arbeidet med ny hengebru starta i 2015. Tru om den nye vert like støyg som den gamle? Bilete utlånt frå Setesdalsmuseet



Valle Sparebank

- allstøtt med deg

Telefon 37 93 60 60

www.valle-sparebank.no / post@valle-sparebank.no

Valle | Kristiansand

Grafisk utforming: Tor Moseid, Valle.

Framsidedeilete: Tom Ståle Moseid.

Andre deilete: Side 6: Kåre Rike. Side 20 og 21: Ole Birger Lien / Setesdølen.
Side 23 - 24. Frå året som gjekk: Ole Birger Lien / Setesdølen og Tor Moseid.